



Fedje kommune

Innkalling av Arbeidsmiljøutvalet

Møtedato: 14.11.2018
Møtestad: Lunsjrommet (3.etasje) på kommunehuset
Møtetid: 14:30 - 16:00

Eventuelle forfall må meldast til Dagrun Gunnarson per tlf. 56165107, sms til 95242371 eller per epost til dagrun.gunnarson@fedje.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
009/18	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
010/18	Godkjenning av møtebok
011/18	Referatsaker
012/18	Godkjenning av kommunebudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022
013/18	Gjennomgang av avviksmeldingar perioden 150418-081118

9. november 2018

Stian Herøy
møteleiar

Dagrun Gunnarson
sekretær



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE - 033	18/503

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/18	Arbeidsmiljøutvalet	PS	14.11.2018

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE - 033	18/503

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/18	Arbeidsmiljøutvalet	PS	14.11.2018

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Arbeidsmiljøutvalet - 23.04.2018

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.



Fedje kommune

Møteprotokoll for Arbeidsmiljøutvalet

Møtedato: 23.04.2018
Møtestad: Det sosiale rommet
Møtetid: 14:00 - 15:00

Møtedeltakarar	Parti
Bjarte Villanger	
Ingebjørg Vamråk	
Stig Øien	

Møtedeltakarar vara	Parti
Roy-Asle Tunglund	Krf

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Kristin Handeland	Ap
Stian Herøy	H

Følgende fra administrasjonen møtte:
Signe Råheim, Torill Hermansen Horgen

Sakliste

Saknr	Tittel
001/18	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
002/18	Godkjenning av møtebok
003/18	Referatsaker
004/18	Handsaming av avviksmeldingar 2018
005/18	Val av ny leiar
006/18	Varslingssystem
007/18	Årsmelding 2017 Arbeidsmiljøutvalet
008/18	Eventuelt

001/18: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Behandling:

Merknad: innkalling må ut minst ei veke før.

Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent. Samrøystes vedteke.

002/18: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent. Vedteke med 3 røysta og to røysta blankt.

003/18: Referatsaker

Behandling:

Merknader: Årsverk for 2017 er 73,6 per 31.12.2017, mens det fram til nå i 2018 er 77. Må finne ut kva som er orsaka til dette.

Roy Asle Tungland(Krf) er det kjend at noko at dette skyllast arbeidsmiljø.

Bjarte Villanger det er langtidssjukefråveret har godt opp 4% frå 2016.

Torill H. Horgen korleis får ein vete at det er sjukemelding som skyllast arbeidsmiljø.

Stig Øien vil ikkje vete, men vil vete at det vert fulgd opp.

Ingebjørg viktig å ta tak i problema med ein gong.

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering. samrøystes vedteke.

004/18: Handsaming av avviksmeldingar 2018

Behandling:

Vedtak:

Avviksmeldingane vert teke til orientering. Samrøystes vedteke.

005/18: Val av ny leiar

Behandling:

Det er vanleg at ordførar er leiar, når arbeidsgjevar har leiar for AMU.

Vedtak:

Det vert heldt val av ny leiar til arbeidsmiljøutvalet. Ordførar tek over som leiar i AMU for neste toårs periode. Samrøystes vedteke.

006/18: Varslingssystem

Behandling:

Merknader: Ingebjørg Vamråk ein må ha eit varslingsystem, men ein bør ikkje oppfordra til varsling. Det er viktig at vi har det. Vi har ikkje anna enn det som følgjer lova. Det er viktig at folk har moglegheit. Systemet er lett å bruke, men uavhengig av andre system. Det koster lite. Det er mogleg å ha ein anonym varsling mellom anonym varslar og leiar. Det kan takast i bruk snarleg og ein får med interanett på kjøpet.

Vedtak:

Fedje kommune vel å ta i bruk varslingsystemet som er presentert i vedlegget. Samrøystes vedtaka.

007/18: Årsmelding 2017 Arbeidsmiljøutvalet

Behandling:

Torill H. Horgen(H) det må vere ein rutine for korleis ein tek opp avviksmeldingar med den det vert meldt om.

Det viktigste er å få eit avvik løyst og lukka.

Folketalet har gått ned på Fedje i 2017.

Vedtak:

Årsmeldinga frå arbeidsmiljøutvalet vert godkjent slik ho ligg føre.

008/18: Eventuelt

Behandling:

Stig Øien det er korttidspasienter som ønskjer å bruke wifi, men sjukeheimen har ikkje wifi. Bjarte Villanger seier det er ingen økonomiske omsyn som gjer at det ikkje er wifi.

Bjarte Villanger vi får nytt verneom, fordi Bjarte Villanger har fått personalansvar. Ilka Verhofstad går inn som nytt verneombud for Bjarte Villanger. Verneombudene må velje nytt hovudverneombud.

Vedtak:



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE - 033	18/503

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/18	Arbeidsmiljøutvalet	PS	14.11.2018

Referatsaker

32T

011/18.1. Manglande oppfølging av vedtak frå AMU om digitalt varslingsystem

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.



Notat

Til: Nils Moldøen

Kopi til:

Saksbehandler: Rådmannskontoret/Dagrun Gunnarson

Vår referanse: 18/194 - 2 / FE - 000

Dato: 08.11.2018

Emne: Manglende oppfølging av vedtak frå AMU om digitalt varslingsystem

23.04.18 i sak 006/18 vedtok AMU å ta i bruk eit digitalt varslingsystem frå mittvarsel.no og Digitaliq2018.

Dette har så vidt eg kan sjå ikkje vorte følgt opp ved å inngå avtale, eller ved å fremme sak til formannskap eller kommunestyre for å skaffe økonomisk dekning for slikt innkjøp.

Fedje kommune har behov for å revidere sine varslingsreglar som finst i Personalplan for Fedje kommune, og dette arbeidet er så vidt påbyrja. I tillegg jobbar rådgjevar kvalitet og helse no med ein gjennomgang av rutinar og reglar for avvikshandtering.

Eg ser det som naturleg at dette arbeidet vert gjort før ein føl opp arbeidet med eventuell digitale verktøy på området.



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE - 150	18/425

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Kommunestyret	PS	
	Formannskapet	PS	
012/18	Arbeidsmiljøutvalet	PS	14.11.2018
	Eldrerådet	PS	
	Ungdomsrådet	PS	

Godkjenning av kommunebudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022

Vedlegg:

Rådmannen sitt framlegg til kommunebudsjett for 2019 og økonomiplan 2019-2022

Hovedoversikter drift og investering

1A

1B

2A

2B

Saksutgreiing:

Rådmannen har i år vald å samle sitt framlegg til kommunebudsjett for 2019 og økonomiplan for perioden 2019-2022 i same dokument. Vurderingar og konklusjonar er i sin heilskap tekne inn som del av dokumentet.

Rådmannen sitt framlegg vart lagt fram i eit ope folkemøte 08.11.2018. Framlegget vert seinast dagen etter sendt ut til alle folkevalde, verneombod, hovudtillitsvalde og einingsleiarar, samt vert lagt ut på heimesidene til kommunen.

Kommunebudsjettet og økonomiplanen vert først sendt til høyring/uttale til eldreråd, arbeidsmiljøutval og ungdomsråd, før saka kjem til handsaming i formannskap og kommunestyre.

Forslag til vedtak:

Kommunebudsjettet for 2019 og økonomiplan for perioden 2019-2022 vert vedteke slik det ligg føre.



FEDJE KOMMUNE

-Landsbyen i havet

RÅDMANNENS FORSLAG
TIL BUDSJETT 2019
ØKONOMIPLAN 2019-2022



Fedje kommune

Innhold

1 RÅDMANNEN SI INNLEIING	3
2 ORGANISASJON OG PLANAR	5
2.1 ORGANISASJON – POLITISK OG ADMINISTRATIVT	5
2.2 KOMMUNALE PLANFØRESETNADER	6
2.3 DEMOGRAFI.....	8
3. BUDSJETT- OG ØKONOMIPLAN 2018-2021.....	10
3.1 LOV- OG REGELVERK.....	10
3.2 RAPPORTERING	10
3.3 STATLEGE RAMMER OG FØRESETNADER.....	10
3.4 BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2018-2021	19
4. VISJON OG MÅL	28
4.1 OVERORDNA MÅL FOR PERIODEN 2019 - 2022	28
4.2 TENESTEMÅL OG STYRINGSMÅL	28

1 RÅDMANNEN SI INNLEIING

Det er god dekning for å kalla året sommaren 2017 til sommaren 2018 for *annus horribilis* i Fedje kommune. Første delen var prega av at folk slutta, sentrale personar var sjukmeldte, oppgåver vart tildelt eine dagen og fråteken den neste. Konsekvensen vart desorganisering, viktige oppgåver vart ikkje utført, pengar me hadde rett på vart ikkje søkt om. Nokre hadde altfor mange oppgåver, andre var undersysselsette. Siste delen av året ser eg på som oppgjerets time, då vanskane og konfliktane kom til syns. Sakene vart ordna opp i – til ein høg pris – og Fedje kommune sitt omdøme var på eit lågmål i avisene. Eg trur mange med meg, sørgde over den ulukksalege situasjonen heile øyna var komen i.

Etter at stormen hadde lagt seg, etter varmaste sommaren i manns minne, fekk eg oppgåva med å vera rådmann i heimkommunen. Eg vart teken godt i mot, av ordførar, politikarar, kollegaer på kommunehuset, dei tillitsvalde, og dei tilsette etter kvart som eg har møtt dei. Ikkje å forgløyma innbyggjarar som har kome bort med ein klapp på skuldra når eg har vore å handla.

Arbeidet I haust har vore prega av behovet for reorganisering av kommunen, særleg situasjonen på kommunehuset. Målet har vore arbeidsro og stabilitet over tid, og bygging av tillit – mellom kollegaer, mellom administrasjon og politikk, og mellom kommune og innbyggjarar. Det dokumentet du no les, ser eg på som ein del av dette arbeidet.

«Økonomiplan 2019-2022» er Fedje kommune sitt verktøy for langsiktig planlegging. Planen følgjer opp strategiar og handlingsprogram frå samfunnsdelen i «Kommuneplan 2012 – 2024». Budsjett med økonomiplan skal stetta strategiske og langsiktige behov for å møta dei samfunnsmessige utfordringane kommunen har framfor seg. Budsjettframlegget legg opp til vidareføring og oppfølging av vedtekte satsingar, framlegg til nye tenestemål med nye drifts- og investeringstiltak.

Utfordringane

Fedje kommune er ein liten kommune som står i fare for å verta mindre. Utfordringa er sjølv sagt å snu denne utviklinga. Det må arbeidast med mangt samtidig, små og store oppgåver. Dette er ikkje berre ei politisk oppgåve – det handlar om at fedjesamfunnet må samla seg om nokre strategiar me har tru på, og heia på og ta del i det arbeidet som må til om denne øyna vår skal vera det levande samfunnet me set så høgt i dag.

Nedgangen i folketalet får direkte konsekvensar for den kommunale drifta. Regjeringa ser det slik at når det vert færre born i skulen, trengst det færre lærarar, og dermed mindre pengar. Utfordringa vår er knytt til at me har ein 1-10 skule, og slike er det ikkje så mange av. Rådmannen ønskjer å leggja fram ein analyse av kva val kommunestyret i realiteten har, slik at framtida for skulen ikkje vert avgjort under ein kort budsjettkamp, men etter eit førebudd arbeid gjort no medan me enno har tid. Det vert altså ikkje lagt opp til nedskjeringar på budsjettet som rammar kvaliteten og omfanget av tenestene våre.

Kommuneplanen omtalar sjukeheimen på følgjande vis: *Institusjonen tilfredsstillar ikkje dagens og framtidas behov og krav for variert og pålagt tenestetilbod, korkje bygningsmessig eller innholdsmessig.* Dersom dette er kommunen si mening, krev det evne til å konkretisera problemet, i tillegg til politisk handverk for å realisera løysinga.

Ei siste utfordring er status på dei kommunale bygga. Sjølv om kommunehuset har ein viss sjarm, så er det umoderne, mangel på møterom, bratte trapper, utilgjengeleg for rullestolbrukarar, og ikkje minst, ingen ventilasjon. I nærleiken finn me brakker som kom brukte på 1980-talet, prega av slitasje og dårleg inneklima, og hyser bibliotek, helsestasjon, fysioterapi, psykolog m.m.

Trua på framtida

Det er verdt å minna om kva som har skjedd av positiv utvikling dei siste åra. Me har ein velrennomert kafé i sentrum som sel kvalitetsmat i moderne lokale. Dei har travle sommarmånader og har eit tilpassa tilbod i utvalde veker resten av året. I 2016 opna Fabrikk nr. 8, og er klar til å satsa på fullt no framover. Me fekk Landhandleri og sommarbåtrute både frå Hellesøy og Bergen. Matkroken har snart to års jubileum på Stenborg. Samarbeidet mellom Liv og lyst-prosjektet og driftige aktørar, har resultert i rimeleg regulær drift av kabelferja, ny kaifront på Stenborg, fyllestasjon for drivstoff både for bil og båt, samt el-lading av bilar.

I tillegg er planlegginga i gang av hotell i Holmen – ei satsing som kan verta ein ny hovudmotor for reiselivssatsinga. Samtidig har me store voner for destilleri og whisky-produksjon – ikkje minst om det vert lagt opp til visningsanlegg der besøkjande kan få innsikt både i produksjonen og kvaliteten.

Kommunen har nett presentert ein såkalla «mulighetsstudie» for sentrumsområdet på Fedje. Vill Urbanisme la fram ei skisse som utfordrar både tenkinga og handlingskrafta vår: respekt for byggjestilen og byggjeelement, t.d. hengjer, gjenbruk av byggjemateriale, gjera mindre vakre bygg om til attraktive bygg, samarbeid mellom offentlege og private aktørar m.m. Det vert lagt opp til at dette arbeidet skal følgjast opp i åra som kjem.

Kva veg vil me gå?

Det er inga enkel oppgåve å snu den langvarige trenden med nedgang i folketalet. Det krev hardt arbeid. Det krev mot. Det krev vilje til å satsa. Ambisjonen min er å kunna peika på kva som må til, gje kommunestyret sjansen til å ta gode grep med dei ressursane me har, men heile tida forankra arbeidet hjå folket på Fedje - gjennom private sine initiativ, kommunen sitt planarbeid, og nær kontakt med fedjefolket.

Nils Moldøyen

Nils Moldøyen
6. november 2018




2 ORGANISASJON OG PLANAR

2.1 ORGANISASJON – POLITISK OG ADMINISTRATIVT

2.1.1 Politikk

Fedje kommune er politisk organisert på denne måten:



Kommunestyret har 15 medlemmer frå følgjande parti: Høgre 5, Kristeleg folkeparti 4, Arbeidarpartiet 3, Framstegspartiet 2, Uavhengig 1. Ordførar Stian Herøy representerer Høgre, og er kommunen sin øvste leiar. Roy Asle Tungland, KrF, er varaordførar i valperioden.

Formannskapet er kommunen sitt økonomiutval og planutval.

Partsamansett utval som er formannskapet pluss to hovudtillitsvalde, handsamar saker om kommunen som arbeidsgjevar.

Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegner føra tilsyn med arbeidet til formannskapet og administrasjonen. Sekretariatet til kontrollutvalet er lagt til Nordhordland Revisjon IKS.

I tillegg til desse utvala har kommunen oppretta rådsorgana:

- Eldrerådet/Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Ungdomsrådet


Formannskapet er valstyre. Dette er eit lovpålagt organ, som skal gjennomføra stortingsval, fylkestingsval og kommuneval. I tillegg er ei valnemnd med representasjon frå alle partia i kommunestyret oppnemnd til å koma med framlegg til kandidatar i styre, råd og utval, eventuelt val av nye kandidatar. Nemndenemnda fungerer gjennom heile valperioden.

2.1.2 Administrativ organisering

Rådmannen er kommunen sin øvste administrative leiar, og har gjennom tett samarbeid med folkevalde og tilsette, ansvaret for å vidareutvikla ein stabil og framtidretta organisasjon med eit godt sørvis- og tenestetilbod til innbyggjarane.

Alle einingsleiarar har personal- og budsjettansvar.

Administrativt organisasjonskart pr. 1.11.2018 (underpunkta er ikkje uttømmende):



2.2 KOMMUNALE PLANFØRESETNADER

2.2.1 Kommunal planstrategi

Planstrategi for inneverande periode vart vedteken av kommunestyret i april 2017. Summen av desse planane skal leggja grunnlaget for kommunen sin planaktivitet i perioden. I budsjett- og økonomiplanarbeidet har rådmannen vurdert tiltakslistene i dei ulike vedtekne planane. Den kommunale planstrategien skal m.a. fortelja kva planar kommunestyret ønskjer å få ferdigstilt/utarbeidd/revidert og vedteke i kommunestyreperioden. Planstrategien skal gje eit samla oversyn over utfordringane gjennom ein fireårsperiode, ut frå kva kommunestyret ønskjer av arealutnytting og ein styrt retning av den lokale samfunnsutviklinga.

Status planarbeid hausten 2018

Type plan	Kommentar	Merknad
Samfunnsdelen til kommuneplanen		
Integrering av flyktningar	Status, overordna mål og strategiar	Ikkje starta opp
Folkehelse	Mål og strategiar inn i Kommuneplanen	Ikkje starta opp
Temaplanar		
Helse- og omsorgsplan (1)*	Planprogram til kommunestyret	Tidleg 2019
Oppvekstplan (2)*	Arbeidet stoppa opp vinter/vår 2018	
Plan for nærings og samfunnsutvikling (3)*	Delplanar i gang	
Reiseliv (Næringsplan)	Under administrativ handsaming	Arbeidet vert følgt opp i 2019
Sentrumsplan	Under administrativ handsaming	
Trafikksikringsplan (4)*	Ikkje starta opp	
Idrett og friluftsliv (5)	Skal starta opp i 2020	
Kulturminneplan	Under arbeid	
Plan for rehabilitering, habilitering og koordinerende eining	Under arbeid	
Planar forankra i lov, forskrift og avtale		
Rusplan**	Skal rullerast etter valet i 2019	
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse**	Skal rullerast i 2020	
Folkehelseoversikt**	Bør fornyast i 2019	Før ny planstrategi
Personalplan**	Skal rullerast i 2019	
Handlingsplan for inkluderande arbeidsliv	Ny handlingsplan frå 2019	

* Prioritet i planstrategien

** Vedteke i planstrategien

2.2.2 Kommuneplan med handlingsprogram

Fedje kommunestyre vedtok «Kommuneplan 2012-2024» i møte 14. mars 2013. Planen inneheld ein samfunnsdel, ein arealdel og ein risiko- og sårbarheitsanalyse der ein ser verknader av endra arealbruk med tanke på å redusera risiko for tap av liv, helse, miljø, infrastruktur m.v.. Planen gjeld heile kommunen, inkludert alt sjøareal innanfor kommunegrensa.

Med eit juridisk bindande dokument for arealdisponeringa, står kommunen betre rusta til å møta utfordringane i planperioden. Dette gjeld område som t.d. arealbruk, friluftsområde, strandsone, bustadbygging og næringsområde. Kommuneplanen skal gje eit godt grunnlag for politisk styring, der ein tek vare på og vidareutviklar dei kvalitetane som gjer Fedje til ein attraktiv stad å bu, driva verksemd og å vitja.

Kommuneplanen gjev også viktige føresetnader for Fedje som eit berekraftig og levande lokalsamfunn. Kommuneplanen er det rammeverket som all anna planlegging i kommunen skal byggja på.

2.2.3 Landsbyen i havet

Slik formulerer kommuneplanen den *langsiktige visjonen* for fedjesamfunnet:

«Fedje skal vera landsbyen i havet – eit levande samfunn som tilbyr rom for utvikling og nyskaping i næringslivet, særleg retta mot maritim sektor og turisme, eit godt og trygt bu- og oppvekstmiljø, eit rikt kultur- og lagsliv og unike friluftsopplevingar.»


Landsbyen i havet er – og må vera – rettesnora for vårt daglege arbeid med å gje gode tenester, samt i alt planarbeid for å styrka kvalitetane og la fleire innbyggjarar og gjester ta del i dei.

2.3 DEMOGRAFI

2.3.1 Folketalsutvikling

(alle tala er henta frå Statistisk sentralbyrå; ssb.no. For fleire tal om Fedje kommune i dag, sjå: <https://www.ssb.no/kommunefakta/fedje>)

Folketalet på Fedje går nedover:



Framskriving av folketal er vanskeleg, spesielt når tala er små. Etter framskrivinga som vart gjort i 2002, skulle Fedje ha ca 625 innbyggjarar i 2018. Etter framskrivinga som vart gjort i 2010, skulle Fedje hatt ca 520 innbyggjarar i 2018.

Folketalet på Fedje gjekk ned i 2018 etter å ha hatt vekst frå 2014-2017:

	1988	1993	1998	2003	2008	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Fedje	761	709	672	672	596	569	561	563	576	587	561

Oversikt fødde og døde:

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Sum
Fødde	3	4	6	2	5	4	5	6	1	6	42
Døde	8	9	3	10	15	9	9	10	0	7	80

SSB sine befolkningsframskrivingar seier at folketalet vil gå ned til 492 innbyggjarar i 2030, basert på desse tala.

Like interessant er samansetninga av folket på Fedje:

Alder	2001	2011	2014	2018
0-5 år	49	25	27	30
6-15 år	86	85	81	79
16-19 år	39	27	34	35
20-24 år	45	28	20	25
25-29 år	88	21	15	20
30-49 år	131	131	131	110
50-59 år	52	86	79	74
60-66 år	36	49	56	69
67-69 år	50	21	18	21
70-79 år	67	50	47	49
80 år eller eldre	21	55	54	50
	664	578	562*	562*

* Tal frå samansetninga av befolkning avviker noko frå folketal pr. 1.januar på SSB.no, utan at me har funne grunnen til det.

Samanlikna med 2001, har me først og fremst svært få barn under 5 år. Om ein ser på anna statistikk, er det ein nedgang i talet på 0-åringar etter 2007. Tidlegare vart det annakvart år fødd ca 10 - 12 og 5 - 6 born. Etter 2007 er me nede i 4 - 5 og 2 - 3 born annakvart år.

Me ser også at me har mykje færre innbyggjarar i alderen 20-30 år – noko som kanskje er naturleg sidan fleire tar høgare og lenger utdanning. Eller kanskje inneber det at me ikkje er flinke nok til å rekruttera nyutdanna.

Me har ein liten nedgang i talet på innbyggjarar over 67 år, men dei har blitt klart eldre som gruppe – i 2001 var 15 prosent av dei eldre over 80 år. I dag er 42 prosent av dei eldre over 80 år. Sjølv om me har mange spreke 80+åringar, er det naturleg å tru at dei i snitt treng fleire kommunale tenester enn 67-åringane.

2.3.2 Elevtalsutvikling

Framskrivning av barnetal i barnehage- og skulealder

Aldersgrupper / år	2017	2019	2023
Barnehagealder	25	20	17
Barneskulealder	46	41	40
Ungdomsskulealder	32	26	18
SAMLA GRUNNSKULEALDER	78	67	58

Elevtalsutvikling 2017-2021 fordelt på trinn

Trinn/ år	2016/17	2017/18	2018/19	2019/20	2020/21
1.-7.	50	46	45	41	41
8.-10.	31	32	31	26	22
SAMLA	81	78	76	67	63

Utan tilflytting går barnetalet i barnehage og skule så mykje ned innan få år, at kommunen lyt finna måtar å organisera undervisninga på, for å kunna redusera kostnadene.

3. BUDSJETT- OG ØKONOMIPLAN 2018-2021

3.1 LOV- OG REGELVERK

Kommunelova regulerer dei lovmessige rammene for kommunen sitt budsjett- og økonomiplanarbeid. Kommunen si plikt til å utarbeida og vedta budsjett og økonomiplan er nedfelt i kommunelova §§ 44-48. Årsbudsjettet skal vera oversiktleg, realistisk og fastsetjast på grunnlag av inntekter og utgifter kommunen kan venta i budsjettåret.

Kommunestyret sine prioriteringar, med målsettingar og premiss som årsbudsjettet byggjer på, skal koma tydeleg fram. Føremålet med økonomiplanen er å avklara kommunen sine økonomiske rammer i planperioden, og visa kva som er prioriterte mål og oppgåver. Det er eit ufråvikeleg krav at inntekter og kostnader for dei ulike åra i planperioden er i balanse.

3.2 RAPPORTERING

Formannskapet er økonomiutval og har ansvar for oppfølging av budsjett og økonomiplan. Kommunestyret skal ha rapportar gjennom året som tek opp kommunen sin økonomiske status og resultatoppnåing. I 2018 er det berre årsmelding og rekneskap for 2017 som er levert. Frå 2019 legg Rådmannen opp til at kommunestyret skal få tre slike rapportar. Første perioderapport gjeld dei fire første månadane. Neste perioderapport kjem etter sju månaders drift. I tillegg kjem årsmelding og rekneskap for 2018.

3.3 STATLEGE RAMMER OG FØRESETNADER

Regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett 2019 er lagt til grunn, jf. brev frå Fylkesmannen til kommunane motteke 8. oktober 2018:

3.3.1 Statsbudsjettet 2019 - Regjeringa sitt framlegg

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2018 til 2019 med 1,8 prosent. Låg pårekna skattevekst frå 2018 til 2019 skuldast meirskatteinntektene i år. Pårekna skatteinntekter i 2019 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (1,3 prosent) og lønsvekst (3,25 prosent).

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret vert redusert frå 11,80 prosent i 2018 til 11,55 prosent i 2019.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vera om lag 40 prosent også for 2019.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i framlegget 2,8 prosent. Deflatoren vert nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet. Kostnadsdeflatoren består av:

- lønsvekst 3,25 prosent
- varer og tenester 2,0 prosent
- samla prisvekst 2,8 prosent.

Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabell byggjer på kommunane sin faktiske skatteinngang i 2017. Dette grunnlaget er justert opp med same prosent som pårekna skattevekst i 2018 og 2019.

I utrekninga av skatteprognose for 2019 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2017 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2017. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning.

Veksten i rammeoverføring vil variera mellom kommunane. Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt:

- endring i kriteriegrunnlaget (t.d. talet på eldre eller psykisk utviklingshemma) og talet på innbyggjarar samla
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot /småkommunetillegg.



Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2018 til 2019 med 2,6 mrd. Veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Meirskatteinntektene kr 2,1 mrd. er med andre ord ikkje med i dette samanlikningsgrunnlaget frå 2018.

Veksten i samla inntekter frå 2018 til 2019 (kr 1,9 mrd.) er lågare enn veksten i frie inntekter (kr 2,6 mrd.). Det skuldast at dei store utbetalingane frå Havbruksfondet, som ikkje inngår i dei frie inntektene, men er ein del av samla inntekter, ikkje blir vidareførte frå 2018 til 2019.

Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2018 til 2019 (+ 2,8 prosent) vil koma som eit tillegg i inntektene. Heile realveksten i dei frie inntektene vil gå til kommunane, ikkje noko til fylkeskommunane. Sjå punkt 1 under.

Det er lagt opp til at realauken i dei frie inntektene frå 2018 til 2019 skal dekkja auka ressurs-innsats i kommunane til:

1. Kr 1,6 mrd. i pårekna meirutgifter knytt til demografi, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing. Dette er den delen av meirutgifter demografi som må bli dekt av veksten i dei frie inntektene.

Meirutgiftene knytt til demografi for kommunesektoren samla er lågare enn dette. Dei er rekna til kr 1,0 mrd. Det skuldast at demografiutgiftene for fylkeskommunane er pårekna å verta reduserte i 2019 på bakgrunn av nedgang i aldersgruppa 16 - 18 år.

2. Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auka ut over det som vert kompensert gjennom prisjustering av inntektene. For kommunane kan denne realveksten i utgiftene reknast til mellom kr 0,5 mrd. og kr 0,6 mrd. (kr 0,7 mrd. for heile kommuneforvaltninga). Det er stor uvisse knytt til desse overslaga.
3. Delar av veksten i dei frie inntektene kan dessutan knytast til følgjande satsings-område:
 - kr 200 mill. til opptrappingsplan for rusomsorg. Det er eit trinn i ein opptrappingsplan med auka løyvingar til rusområdet i perioden 2016 - 2020
 - kr 200 mill. til tidleg innsats i skulen
 - kr 100 mill. til opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering.

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2018 til 2019 med 2,9 prosent. Denne veksten er rekna i høve til noverande pårekna inntekts-nivå i år, medrekna oppjusteringa av skatteinntektene. Denne veksten for kommunane samla i Hordaland er 3,0 prosent.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst i dei frie inntektene er korrigererte for dette, også i vedlagt tabell, slik at det ikkje inngår i prosentveksten.

Dette vil også omfatta innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet.



Aktuelle saker

Psykologar i kommunane

Frå 1. januar 2020 er det lovfesta at alle kommunar skal ha psykologkompetanse. Fram til denne plikta trer i kraft vil kommunar som rekrutterer psykologar kunna ta imot eit årleg tilskot per psykologårsverk. Det er framlegg om å auka løyvinga, øyremerkt tilskot kapittel 765 post 60, med kr 50 mill. for 2019, som svarer til 125 nye psykologstillingar.

Utskrivingsklare pasientar

Kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar vart innført for pasientar i somatiske døgn-avdelingar i 2012. Det skal innførast betalingsplikt også for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av rusavhengige (TSB). Det blir difor overført kr 185 mill. frå regionale helseføretak til kommuneramma. Det vil vera opphaldskommunen som får plikt til å betala for utskrivingsklare pasientar.

Opptappingsplan for habilitering og rehabilitering

Stortinget har vedteke ein opptappingsplan for habilitering og rehabilitering for åra 2017 -2019. I 2019 er kr 100 mill. av veksten i dei frie inntektene grunnlagt med opptappingsplanen. Midlane blir fordelte etter delkostnadsnøkkelen for helse i inntektssystemet.

Dette skal bidra til at brukarane kan ta imot tenester der dei er busette.

Opptappingsplan for rus

Det er som nemnd ein opptappingsplan med auka løyvingar til rusområdet i perioden 2016 - 2020. Satsinga kjem i hovudsak ved at ein del av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med satsinga på rusomsorg.

For 2019 er det lagt opp til ei ytterlegare opptapping av rammetilskotet med kr 200 mill. Fordelinga mellom kommunane blir gjort etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp i inntektssystemet.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Rammetilskot knytt til satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta vert vidareført frå 2018 til 2019, med priskompensasjon. For 2019 blir rammetilskotet knytt til føremålet kr 877,4 mill. Midlane vert fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0 - 19 år, med eit minstenivå på kr 100.000,- per kommune.

Dagtilbod demente

Kommunane vil frå 01. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens.

Tilskotsordninga til dagaktivitetstilbod for personar med demens vert vidareført. Det er framlegg om å leggja til rette for om lag 450 nye plassar i 2019.

Kommunar som etablerer nye dagaktivitetsplassar i 2019, vil få auka tilskotssats for desse som svarer til om lag 50 prosent av pårekna kostnader. Ved vidareføring av oppretta plassar frå 2012 - 2018 vil kommunane få tilskot på 30 prosent av pårekna kostnader, som er den same tilskotssatsen som for 2018.

Innlemming av bustadsosiale tilskot i rammetilskotet

I 2017 og 2018 vart nesten kr 40 mill. av øyremerkte tilskot til bustadsosialt arbeid innlemma i rammetilskotet. For 2019 er det framlegg om å innlemma ytterlegare kr 8,9 mill. i rammetilskotet.

I 2017 og 2018 vart om lag kr 20 mill. av øyremerkte bustadsosialt kompetansetilskot innlemma i rammetilskotet. For 2019 er det framlegg om å innlemma ytterlegare kr 15,6 mill. i rammetilskotet.

Tilskot frivilligsentralar

Tilskot til frivilligsentralar vart innlemma i rammetilskotet frå og med 2017. Totalt kr 169,9 mill. vart fordelt med særskilt fordeling i 2018 i rammetilskotet.

I 2019 vert beløpet frå 2018 prisjustert, i tillegg til ytterlegare kr 7,4 mill. til føremålet. Totalt kr 187,4 mill. vert fordelt med særskilt fordeling i 2019 i rammetilskotet, med utgangspunkt i fordelinga av det øyremerkte tilskotet i 2016.

Sjueheimplassar og omsorgsbustader

For 2018 gir tilsegnsramma, etter revidert nasjonalbudsjett, grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 2500 plassar med heildøgnsomsorg, fordelte mellom omsorgsbustader og sjueheimplassar. For 2019 er det framlegg om ei tilsegnsramme som vil gi grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 1500 einingar.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming.

Stortinget har vedteke ei gradvis endring i investeringstilskotet slik at det frå 2021 berre blir gitt investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar som gir netto auke i det samla talet på plassar i kommunen. 50 prosent av tilsegnsramma skal i 2019 gå til netto vekst i talet på plassar.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei vert 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2019 er basert på direkte lønsutgifter i 2018 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2019:

- Kompensasjonsgraden vert vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagnivået for å få kompensasjon vert auka per brukar frå kr 1,235 mill. til kr 1,320 mill. for netto utgifter i 2018. Det inneber ein auke på kr 50.000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2018 (2,8 prosent).
- Kompensasjonen som vert utbetalt frå staten til kommunane i 2019 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2018. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.
- Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre) i rammetilskotet vert trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot vert også trekt frå berekningsgrunnlaget.



Barnehagar

Regjeringa gjer framlegg om å utvida dagens ordning med gratis kjernetid for tre-, fire- og fem - åringar til også å omfatta toåringar, frå 1.august 2019. Framlegget vil gje familiar med låg inntekt eit rimelegare barnehage tilbud. Det vert lagt inn kr 45,7 mill. i rammetilskotet for 2019.

Maksimal foreldrebetaling aukar med kr 50,- per måned frå 1.august 2019. Det vert trekt ut kr 65,8 mill. frå rammetilskotet i 2019.

Lærarnorm

Frå 2015 er det løyvd øyremerkte midlar til auka lærarinnsats på 1. - 4. trinn i grunnskulen. Frå og med hausten 2018 er det innført ein nasjonal lærarnorm på skulenivå 1. - 10. trinn. Total løyving i 2018 var om lag kr 1,4 mrd.

Det er framlegg om å vidareføra den øyremerkte løyvinga til fleire lærarårsverk i 2019. I tillegg er kr 200 mill. av veksten i dei frie inntektene i 2019 grunnlagt med ei særskilt satsing på tidleg innsats i skulen.

Både dei nemnde kr 200 mill. av veksten i dei frie inntektene og om lag kr 1,0 mrd. av den øyremerkte løyvinga vert fordelt mellom kommunane etter grunnskulenøkkelen i inntekts-systemet.

Ufrivilleg åleina

Det er for 2017 og 2018 gjeve kompensasjon til kommunar som er vortne ståande ufrivilleg åleina etter kommunereforma og som tapte på omlegginga av inntektssystemet i 2017.

I 2018 er den samla ramma for denne kompensasjonen på landsbasis kr 40 mill. Det er framlegg om å redusera den samla ramma til kr 20 mill. i 2019 og avvikla ordninga frå år 2020.

Inntektssystemet i 2019

Det er ikkje lagt opp til vesentlege endringar i inntektssystemet frå 2018 til 2019.

Dei regionalpolitiske tilskota vert prisjusterte frå 2018 til 2019 (med unntak av regionsenter-tilskotet). Det omfattar distriktstilskot med småkommunetillegget, veksttilskot og storby-tilskotet.

Veksttilskotet for 2019 vert gjeve til kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst på 1,4 prosent eller meir dei siste tre åra. Veksttilskotet vert gjeve som eit fast tilskotsbeløp per ny innbyggjar utover vekstgrensa. Tilskotssats for 2019 er i framlegget kr 58.792,-, etter prisjustering til 2019 - tal.

Samla løyving til veksttilskotet vert redusert frå 2018 til 2019 som følgje av at færre kommunar har hatt høg befolkningsvekst i den siste tre-årsperioden.

Det vil vera endringar i distriktstilskot med småkommunetillegget for nokre kommunar frå 2018 til 2019 som følgje av endring i distriktsindeks og endringar i innbyggjartalet. Ved fordelinga av distriktstilskot for 2019 vert dagens distriktsindeks vidareført, men oppdatert med tal for 2017.

Overgangsordninga INGAR gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet med meir negativt avvik enn grenseverdien frå landsgjennomsnittet, frå eit år til det neste. Grenseverdien for kompensasjon er kr 400,- per innbyggjar i 2019. INGAR tek ikkje omsyn til endringar i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot.

3.3.2 Konsekvensar av statsbudsjettet for Fedje (Regjeringa sitt framlegg)

Frie inntekter – skatt og rammeoverføring samla

Overslaget på frie inntekter i 2019 er på 57,7 mill kr. Rammetilskotet utgjer 41,5 mill kr. Pårekna skatt pluss inntektsutjamning utgjer 16.3 mill kr. Dette utgjer ein vekst på 2,0 prosent frå rekneskap 2018 til rekneskap 2019. Dette er mindre vekst enn gjennomsnittet for kommunane i både landet og Hordaland, og mindre vekst enn dei siste åra.

3.3.3 Fond og avsettingar

Tabell: Kommunale fond

Samla fond	2017	2016	2015	2014
Bundne driftsfond	2 187 265,18	1 868 313,18	1 204 451,32	813 384,32
Ubundne investeringsfond	8 434 732,11	8 434 732,11	8 434 732,11	8 434 732,11
Bundne investeringsfond	1 012 570,39	1 112 570,39	1 012 570,39	1 012 570,39
Disposisjonsfond	10 754 431,29	6 872 265,5	6 642 011,36	6 732 196,36
Beholdning pr. 31.12	22 388 998,97	18 287 881,18	17 293 765,18	22 784 418,24

3.3.4 Lån og gjeld

Oversyn lån (tal i heile tusen kr)

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Husbanken	4 630	4 190	3 829	3 524	3 219	2 914	2 664	2 414
VAR	2 570	2 427	2 284	2 141	1 999	1 856	1 713	1 670
Ordinær	21 084	22 712	21 627	30 075	28 922	27 770	26 563	25 256
SUM	28 284	29 329	27 740	35 740	34 140	32 540	30 940	29 340

3.3.5 Årsverksutvikling

I Fedje kommune opererer me ikkje med «heimlar». Einingsleiarane får eit budsjett med ei ramme på lønnskostnader. Innafor dette kan dei gjera prioriteringar slik at tenesta har den kunnskapen og dei hendene dei treng, t.d. treng tenesta høgare kompetanse, må dei kanskje klara seg med færre årsverk.

Slik fordeler årsverka seg pr. 01.10.2018*

Sektor / eining	2018*	Kommentar
Administrasjonen	7,8	Talet inkluderer flyktingtenesta. Plan og utbyggingssjef ligg under «teknisk». I tillegg til desse årsverka kjem 1 årsverk til ordførar/varaordførar og 1 årsverk til etterlønn rådmann.
Skulen, skulefritidsordning og vaksenopplæringa	22,51	
Barnehagen	6,58	
Kultur	1,25	
Pleie og omsorg	21,05	
Legetenesta	1	
Psykisk helse	1,36	
Fysioterapiteneste	0,86	
Kommunalt NAV/ sosiale tenester		Tenesta kjøper me frå NAV Hordaland. Kostnaden for Fedje kommune var opprinneleg 0,25 årsverk her.
Helsesøster, barnevern, psykolog, ppt, skatteinnkrevjing, landbrukskontor		Tenestene kjøper me frå nabokommunar.
Teknisk	4,14	Dette talet inkluderer det meste av reinhald på ulike bygg, utanom skule, barnehage, bibliotek og helsestasjon.
Samla	66,55	

*I denne oversikta har me teke vekk tilsette i permisjon utan lønn. Desse er framleis tilsett i kommunen, men i dei fleste av desse stillingane går det vikar som er rekna med i årsverka (men det gjeld ikkje alle). Ei anna feilkilde er langtidssjukemeldte, der me får lønna refundert frå NAV, men i lønssystemet vil det sjå ut som me betalar ut to årsverk.

Dette er prøvd silt ut, men her kan me ikkje garantere tala. Difor må ein rekna med at totalen kan variere med +/- 10 årsverk. Sidan me har så få årsverk gjev feilmarginen potensielt store konsekvensar. Det er difor vanskeleg å seia at talet på årsverk gjev god informasjon om kostnadsutvikling, eller om ei tenesta har auka eller avgrensa innsatsen.

3.3.6 Skatteinngang

I inntektssystemet til kommunane er det to inntekter som heng tett saman, skatteinngang og inntektsutjamning. Inntektssystemet er retta inn slik at endring av skatteinngang i høve skatteanslaget, i stor grad vert justert mot inntektsutjamninga. Føresetnaden for dette er at samla skatteinngang i landet ikkje har same utvikling.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret vert redusert frå 11,80 prosent i 2018 til 11,55 prosent i 2019. Det er lagt opp til at skattedelen av kommunen sine samla inntekter skal vera om lag 40 prosent også for 2019, og det er rekna med ein skatteauke for kommunane på 1,8 prosent frå 2018.

Skatteanslaget for Fedje er 16 265 000 kr i 2019. Dette talet vert vidareført i økonomiplanperioden.

Tal i heile tusen kr

	R2013	R2014	R2015	R2016	R2017	B2018	B 2019
Skatteinngang	12 802	12 698	12 935	13 743	13 627	13 921	13 472
Inntektsutjamning	687	697	1 153	1 876	2 823	1 984	2 793
Sum	13 489	13 395	14 088	15 619	16 450	15 905	16 265

3.3.7 Netto driftsresultat

I kommuneproposisjonen står det at netto driftsresultat er hovudindikatoren for den økonomiske balansen i kommunane. Netto driftsresultat, etter at renter og avdrag er betalt, er eit uttrykk for kva kommunen har til disposisjon. Netto driftsresultat er tilrådd å vera minimum 1,75 prosent av driftsinntektene.

Netto driftsresultatet utan nye tiltak er om lag 1 235 000 kr, og det utgjer 1,59 prosent av driftsinntektene.

Netto driftsresultat over tid (prosent)

Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Reknesk. 2016	Reknesk. 2015	Reknesk. 2014	Reknesk. 2013	Reknesk. 2012
1,59 %	1,34 %	2,79 %	6,80 %	1,48 %	-0,55 %	3,06 %	6,17 %

3.4 BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2018-2021

3.4.1 Driftsbudsjett 2018 med økonomiplan 2018 – 2021


Budsjettala i heile tusen

	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Driftsinntekter						
Brukarbetalingar	2 801 777,89	2 518	2 587	2 665	2 745	2 827
Andre sals- og leigeinntekter	5 941 156,83	6 163	6 233	6 420	6 613	6 811
Overføringar med krav til motyting	6 657 397,10	4 097	6 011	6 191	6 377	6 568
Rammetilskot	41 878 372,51	40 607	41 484	42 729	44 010	45 331
Andre statlege overføringar	6 486 221,62	3 701	2 667	2 747	2 829	2 914
Andre overføringar	752 034,00	80	368	379	390	402
Skatt på inntekt og formue	13 627 142,00	16 699	16 265	16 753	17 256	17 773
Eigedomsskatt	2 110 828,00	2 111	2 111	2 111	2 111	2 111
Sum driftsinntekter	80 254 929,95	75 976	77 726	79 994	82 331	84 738
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	44 441 111,69	43 391	43 376	44 677	46 018	47 398
Sosiale utgifter	10 175 583,81	10 424	11 026	11 357	11 697	12 048
Kjøp av varer og tenester som del av tenesteproduksjon	15 098 443,35	13 610	14 725	15 167	15 622	16 090
Kjøp av tenester som erstattar tenesteproduksjon	6 810 660,33	5 898	6 127	6 311	6 500	6 695
Overføringar	4 256 283,07	3 536	3 845	3 960	4 079	4 202
Avskrivningar	3 543 474,00	3 423	3 434	3 537	3 643	3 752
Fordelte utgifter	-3 248 723,90	-3 279	-3 608	-3 716	-3 828	-3 943
Sum driftsutgifter	81 076 832,35	77 003	78 925	81 293	83 732	86 243
Brutto driftsresultat	-821 902,40	-1 027	-1 199	-1 298	-1 401	-1 506
Finansinntekter						
Renteinntekter og utbyte	1 367 869,66	890	1 120	1 120	1 120	1 120
Vinst på finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,00	0	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån	0,00	0	0	0	0	0
Sum eksterne finansinntekter	1 367 869,66	890	1 120	1 120	1 120	1 120
Finansutgifter						
Renteutgifter og låneomkostningar	564 308,65	761	680	700	700	700
Tap på finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,00	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	1 227 667,72	1 500	1 440	1 483	1 483	1 483
Utlån	50 000,00	0	0	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter	1 841 976,37	2 261	2 120	2 184	2 184	2 184
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-474 106,71	-1 371	-1 000	-1 064	-1 064	-1 064
Motpost avskrivningar	3 543 474,00	3 423	3 434	3 537	3 643	3 752
Netto driftsresultat	2 247 464,89	1 025	1 235	1 175	1 179	1 183
Driftsresultat %	2,80 %	1,35 %	1,59 %	1,47 %	1,43 %	1,40 %

Budsjett 2019 – Økonomiplan 2019 – 2022

	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Interne finanstransaksjonar						
Bruk av tidlegare årsrekneskap med mindreforbruk	4 429 490,46	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	250 690,94	0	0	0	0	0
Bruk av bundne fond	69 125,00	0	7	0	0	0
Sum bruk av avsetningar	4 749 306,40	0	7	0	0	0
		0	0			
Overført til investeringsreknekapet	2 032 244,83	1 010	1 196	1 129	1 133	1 137
Dekning av tidligere årsrekneskap med meirforbruk	0,00	0	0	0	0	0
Avsett til disposisjonsfond	4 576 449,46	0	0	0	0	0
Avsett til bundne fond	388 077,00	15	46	46	46	46
Sum avsetningar	6 996 771,29	1 025	1 242	1 175	1 179	1 183
		0	0			
		0	0			
Reknekapsmessig meir/mindreforbruk	0,00	0	0	0	0	0

3.4.2 Driftsbudsjett sektornivå



3.4.3 Driftsbudsjett pr eining

	Skjema 1B	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1000	Rådmann	8 728 369,57	7 323	11 229	11 566	11 913	12 270
1100	Kulturtenester	614 110,88	1 143	1 957	2 016	2 076	2 138
1200	Bibliotek	696 063,77	825	0	0	0	0
1300	IT-konsulent	1 016 611,35	520	0	0	0	0
1400	Tiltak	1 032 758,22	1 628	0	0	0	0
1500	Miljøvernleiar	300,00	0	0	0	0	0
2000	Helsetenester	1 552 911,09	1 382	3 254	3 352	3 452	3 556
2100	Fedje skule	12 071 127,60	13 376	12 401	12 773	13 156	13 551
2200	Fedje barnehage	4 469 246,67	4 154	3 613	3 721	3 833	3 948
2300	Pleie og omsorg	16 901 899,02	17 632	17 066	17 578	18 105	18 648
2400	Helsesøster	1 311 048,99	1 546	0	0	0	0
2500	Legetenester	3 977 109,50	4 059	4 615	4 753	4 896	5 043
2600	Sosialtenester	2 387 565,45	2 738	1 926	1 984	2 043	2 105
3000	Teknisk kontor	8 242 764,86	6 984	2 546	2 622	2 701	2 782
3100	Kommunale bygg og anlegg	0,00	0	4 168	4 293	4 422	4 554
3500	Avskrivingar	-3 543 474,00	-3 423	-3 434	-3 537	-3 643	-3 752
	TOTALT	59 458 412,97	59 887	59 341	61 121	62 955	64 844

Kommentarar til driftsbudsjettet

I år har me valgt å endra på ansvarsstrukturen i Fedje kommune. Organisasjonen har endra seg dei siste åra – og det er no på tide at dette også kjem til uttrykk i den økonomiske organiseringa.

- Bibliotek er flytta inne under Kulturtenester.
- IT-konsulent og Tiltak er flytta inn under Rådmann.
- Miljøvernleiar er flytta inn under Teknisk kontor.
- Dagsenter er flytta frå Pleie og omsorg til Helsetenester.
- Helsesøster og psykiatri (psykisk helse) er flytta under Helsetenester.
- Kommunale bygg og anlegg er skild ut frå Teknisk kontor.

Budsjett 2019 er ei vidareføring av kommunen sitt driftsbudsjett for 2018. I tillegg er politiske vedtak gjennom året med økonomiske driftskonsekvensar lagt inn, vidareføring av fleirårige driftstiltak føregåande år, og finansutgifter knytt til eksisterande låneportefølgje. Inntektene er basert på inntektsgrunnlag i statsbudsjettet 2019 knytt til skatt og rammeoverføring. Brukarbetaling og avgifter er i samsvar med gjeldande satsar 2018.

Det er ikkje budsjettert med nye låneopptak i 2019.

Utgifter

- Pensjon er budsjettert med 12 prosent for lærarar, 17 prosent for sjukepleiarar og 16 prosent for andre tilsette.
- Arbeidsgjevaravgift er budsjettert med 10,6 prosent av løns- og pensjonskostnader
- Det er budsjettert med eit forsiktig anslag for vikarutgifter knytt til korttidsfråvær i skule, barnehage, pleie og omsorg
- Vikarutgifter for langtidsfråvær er avgrensa til fødsels-/omsorgspermisjon. Det er ikkje budsjettert med vikarutgifter til anna langtidsfråvær. Slikt fråvær må sjåast i samheng med refusjon for sjukeløn.
- Løns- og prisvekst for kyrkja er kompensert i samsvar med tilråding i statsbudsjettet (2,6 prosent)

Inntekter

- I framlegg til statsbudsjett utgjer veksten i frie inntekter 0,07 % frå 2018.
- Refusjon for sjukeløn er budsjettert i samband med fødselspermisjon. Anna refusjon for sjukeløn er ikkje budsjettert, og må sjåast i samheng med vikarutgifter, som heller ikkje er lagt inn.
- Inntekter knytt til flyktningar, ressurskrevjande tenester, gjesteelevar, fosterbarn, kompetansmidlar og refusjonar frå HELFO og NAV baserar seg på erfaringstal fram til dags dato.
- Gebyr og brukarbetaling er budsjettert basert på satsar for 2018. Nytt regulativ med forslag til nye satsar vert fremja i eiga sak i samband med budsjettet.

Andre tilhøve

- Kommunerekneskapen syner både avskrivningar og motpost avskrivningar. Tala er identiske med 3 434 000 kr både på inntektssida og utgiftssida, så samla sett får dette ikkje utslag på botnlina
- Ikkje disponerte inntekter på sjølvkostområde er tilrådd overført til eller brukt av bundne fond
- Forventa utbyte frå BKK er om lag 550 000 kroner. Utbyte er inntektsført som finansinntekt.
- Under tenesta 3250 Tilrettelegging og bistand for næringslivet, er det lagt inn 200 000 kroner som er tenkt brukt i arbeidet med å følgja opp det arbeidet som til no er kalla «sentrumplanen».
- Legevisitten ved sjukeheimen vert utvida med 2 timar for veka. Dette gjer det mogeleg både å få betre tid med kvar pasient, samtidig som det vert høve til styrka fagleg utvikling for alle tilsette ved sjukeheimen. Ordninga vert finansiert ved at legevakta på Fedje vert redusert med ei helg kvar månad.

- Legeordninga me har i dag, er dyr for Fedje kommune. Samanlikna med kommunane i øykommune-nettverket, ligg me på topp i lag med Leka kommune. Det er Rådmannen si vurdering at legeordninga ikkje er berekraftig. Kommunen bør difor gjennomgå ordninga for å sjå om det er råd å få ei trygg og god legeteneste til ein mindre kostnad enn i dag. Dette arbeidet bør startast no.
- For 2019 vil barnehagen ha kompetanse og mannskap til å gje borna det gode tilbodet som ein trygg og god oppvekst tilseier. Kommunestyret kan likevel merka seg at det er fleire tilsette enn det er lønsmidlar tilknytt fleire årsverk til barnehagen enn dei som arbeider der. Det inneber at stillingane er lagt til barnehagen, medan den enkelte er i ulønna permisjon eller i vikariat i andre einingar. Desse får altså ikkje lønna si frå barnehagen. Det er nyleg starta ein prosess med dei tillitsvalde om å få dette i ordna former, slik at styraren kan vita kven ho skal planleggja for det komande året.
- Fedje skule skal dei komande åra arbeida med utvikling på to forskjellige område. Det eine er på individnivå og omfattar *vidareutdanning for lærarar* slik at dei får godkjent undervisningskompetanse i fleire fag. Inneverande skuleår er det fire lærarar som tek slik utdanning i faga matematikk, engelsk (2 stk) og digital kunst og handverk. Det andre utviklingsarbeidet er *Desentralisert kompetanseutvikling*. Midlane i denne satsinga skal brukast til tiltak som bidreg til at kommunen kan oppnå sektormåla for grunnopplæringa. I følgje Utdanningsdirektortet er det: «Elevene skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø, elevane skal meistre grunnleggjande ferdigheter og ha god fagleg kompetanse, fleire elevar og lærlingar skal gjennomføre videregående opplæring» (Utdanningsdirektoratet, 2017). Region Nordhordland har som mål å betre den tilpassa opplæringa til kvar enkelt elev og auke læringsutbyttet. Fedje skule skal samarbeida med Høgskulen på Vestlandet om dette.




- I Pleie og omsorg er pleietyngda framleis aukande, spesielt merkbar i demensomsorga. Nasjonale føringar har fokus på trivsel, brukarmedverknad, støtte til pårørande, kvalitetssikring og forbetring. Personalgruppa er svært engasjert og omsorgsfull, men òg sårbar. Tilbodet må verta meir brukarvenleg. Det er behov for auka aktivitetstilbod på sjukeheimen. Også for frivilligarbeid. Trådlaust internett er etterlyst av brukarar, installasjon påbegynt. Oppgradering av fagsystem naudsynt. Deltaking i program for velferdsteknologi som vert sett i verk frå 2019.
- Rådmannen vil i 2019 syta for at arbeidet med oppvekstplan vert teke opp att. Siktemålet er å leggja fram sak for kommunestyret der status og vidare planarbeid vert drøfta og vurdert. Sjå tabell under 2.2.1. Kommunal planstrategi.

- Fleire av innbyggjarane våre har teke kontakt med kommunen og uttrykt behov for ein møteplass for godt vaksne menn. Me ønskjer å hjelpa til med å få eit slikt tilbod i gang ved å finna eit høveleg lokale, sponsa kaffi etc. Ordninga bør vera sjølvdriven, der seniorane sjølve tek ansvar for aktivitetar, «rekruttering» til gruppa, og ev. transport.

Teknisk

- Kommunen treng å styrka kompetansen og kapasiteten på teknisk. Vi vil i 2019 gjera rekrutteringsarbeid med sikte på startdato for ny medarbeidar i 2020.
- Det er rekna inn 2 rehabiliteringstilskot til gamle bustader som vert kjøpt og tekne i bruk
- Byggesaksregulativet vart ikkje endra frå 2016 til 2017. Auka frå 2017 til 2018. Ingen auke frå 2018 til 2019.
- For vatn er årsgebyret sett ned med 15 prosent. For kloakk aukar årsgebyret med 13,5 prosent. Dette fører til at sum gebyr for vatn og kloakk, vert uendra. Tilknytningsgebyra er uendra. Har ikkje rekna med tilknyttingar.
- Gebyra Fedje kommune betalar til NGIR for renovasjon, aukar ikkje til neste år.
- Det er 80 personar som betalar for leige av nøkkel til sømjehallen
- Auke i forsikringsutgiftene med 34 000 kroner pga Mulevegen 3 (gamle butikken)
- 20 % av løn til rådmann er ført på plansakshandsaming
- Digitalisering av byggesaksarkivet. 250.000,- kr + mva
- Auka lønsutgifter pga First response – redningsbil
- Vi starta med flishogging i Flundrevågen i 2009. Ved handsaminga av budsjettet for 2013, gjorde kommunestyret vedtak om at abonnentane skulle betala for dette. Gebyret i Fedje kommune er difor 170 kr høgare i Fedje kommune enn i dei andre kommunane i NGIR. Vi gjer framlegg om at tillegget aukar med 30 kr til 200 kr pr abonnement for å dekkja utgiftene. Omrekna har vi 340 heilårsabonnentar.
- For 2018 er halve energiprisen bunden til 27,37 øre/kWh. Andre halvdel er spot. For 2019 er prisen ikkje bunden. Påslaget på spotprisen er 2,37 øre i 2019. Om vi legg spotprisen for oktober 2018 til grunn, vert prisen pr kWh 40,15 øre i 2019. Om vi legg ein pris på 27,37 øre/kWh til grunn, vert utgiftene til straum for skulen, lik 326 tusen kroner. Om vi legg ein pris på 40,15 øre/kWh til grunn, vert utgiftene til straum for skulen, lik 386 tusen kroner. I budsjettet er det rekna med ein spotpris på 32,63 øre/kWh. Dette vert 362.000,- kr.
- Husleigeauken vert på 3 prosent. Dette er i samsvar med konsumprisindeksen. Kommunen har no 28 husvære for utleige. Det er rekna med eit husleigetap tilsvarande leige for 3 bustader (2 ledige + den sjukeheimen disponerer).

3.4.4 Investeringsbudsjett 2019



Skjema 2A	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Investeringar i anleggsmidlar	4 399 363,76	8 933	3 064	2 500	2 300	2 300
Utlån og forskottingar	0,00	0	0	0	0	0
Kjøp av aksjar og andelar	236 502,00	240	220	250	250	250
Avdrag på lån	361 261,00	450	305	305	305	305
Dekning av tidlegare års udekka	0,00	0	0	0	0	0
Avsetningar	0,00	0	0	0	0	0
Årets finansieringsbehov	4 997 126,76	9 623	3 589	3 055	2 855	2 855
<i>Finansiert slik:</i>						
Bruk av lånemidlar	0,00	4 000	0	0	0	0
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	716 200,00	0	600	618	900	900
Tilskot til investeringar	0,00	100	0	0	0	0
Kompensasjon for meirverdiavgift	737 430,17	1 708	426	167	345	345
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	967 659,03	403	160	170	170	170
Andre inntekter	0,00	0	0	0	0	0
Sum ekstern finansiering	2 421 289,20	6 211	1 186	955	1 415	1 415
Overført frå driftsbudsjettet	2 032 244,83	1 010	1 196	1 129	1 133	1 137
Bruk av tidlegare års udisponert	0,00	0	0	0	0	0
Bruk av avsetningar	543 592,73	2 402	1 207	971	307	303
Sum finansiering	4 997 126,76	9 623	3 589	3 055	2 855	2 855
Udekka/udisponert	0	0	0	0	0	0

Tiltak	Kostnader inkl. mva	2020	Står òg på budsjett 2018
Fellestenester			
IKT	563		
Skulen			
Nye vindauge i klasserom B og C, 6 stk	188		
Sjukeheimen			
Nytt brannalarmanlegg	375		
Vøling golv gang, gamal del (sær s usikkert overslag)	250		
Kommunalt disponerte bustader			
Nytt tak på Husøy na 23. Har eternitt i dag.	438		X
Kommunale vegar			
Trafikksikringstiltak ved barnehagen	250		X
Rekreasjon i tettstad			
Tømmeanlegg for bobiler (sær s usikkert overslag)		500	
Kloakknett			
Pumpestasjon for kloakk på Kopper	500		X
Kyrkja			
Ny el-hovudtavle	250		X
Tilkomst med rullestol i kyrkja		250	
Gravplass			
Utbetring av drenering/asfaltkant ved port	250		X
SUM	3 064	750	

Kommentarar til investeringstabell 2019

I august 2016 fekk kommunestyret framlagt ein gjennomgang av kommunale bygg med deira kvalitetar og manglar. Gjennomgangen dokumenterer at viktige bygg verken er funksjonelle eller rimelege i drift. I økonomiplanperioden må det vera ei målsetting å få meir tenlege bygg for den kommunale drifta. Rådmannen ønskjer at dette vert løyst slik at det styrkjer sentrum på Fedje, og kan vera ein spore til auka aktivitet og liv i området. Det vert ikkje lagt opp til investeringar knytt til slik satsing no. Det vil me ev. koma attende til etter ein politisk prosess knytt til mogelege prosjekt.

Av tabellen går det fram at 5 (av 9) investeringsprosjekt ikkje har vorte gjennomført i 2018. Hovudårsaka er at det er større investeringsbehov enn me har kapasitet til å gjennomføra. Dei siste åra er Plan og utbygging av ulike årsaker redusert med meir enn 1 årsverk.

Einskildprosjekt:

- Nytt låssystem på skulen. Dette vart det løyvd pengar til på 2018-budsjettet, men etter vedtak vart pengane brukt til trådløst internett som no er installert. Vår vurdering at det er

råd å leva med dagens system til, på skulen tilliks med andre kommunale bygg. Teknologien på området er i utvikling, noko som òg tilseier venting.

- Brannalarm på skulen. Ein risikoanalyse har tilrådd brannalarm på skulen. Me ønskjer å sjå nærare på tenlege løysingar, og vil koma attende til kommunestyret med ei eiga sak.
- Ventilasjonsanlegg i gamledelen av sjukeheimen. Dette er ei viktig sak, der alle faglege tilrådingar tilseier at dette ventilasjonsanlegget må på plass. Eit nytt ventilasjonsanlegg vil kosta oss rundt 3 millionar kroner, like mykje som alle andre investeringsframlegg til saman. Samtidig har kommuneplanen tydelege kritiske karakteristikkar av bygningsmassen på sjukeheimen. Spørsmålet vert då om kommunestyret meiner at dette er eit bygg me skal satsa på dei næraste 10-20 åra, eller finna meir tenlege alternative løysingar slik kommuneplanen antyder. Rådmannen meiner det er lite tenleg å gjera store investeringar i bygget no, samtidig som det ikkje er avklart om det er dette bygget me skal satsa på framover.
- Nytt brannanlegg på sjukeheimen. Sjukeheimen er ein plass der gamle og sjuke bur og lever 24 timar i døgeret. Brannanlegget som er i dag, er ikkje godt nok. Dette er ei viktig sak å få på plass.
- Vøling av golv i gangen i gamledelen på sjukeheimen. Betongen i golvet ser ut til å smuldra opp, dette må fjernast og ny betong på plass. Det er svært usikkert kor omfattande skaden er, men vår vurdering er at dette må gjerast uansett kva bruk som måtte vera der i framtida.
- Tømmeanlegg for bubilar. Dette er tenkt plassert på kommunal tomt nær Fabrikk nr. 8, og er eit viktig tiltak i reiselivsatsinga på Fedje. Ut frå kostnadsomsyn har me plassert det i 2020.
- Ny el-hovudtavle i kyrkja. Tavla er frå 1950-talet, då straumen kom til Fedje, og er ei viktig sak å få gjort.
- Tilkomst med rullestol i kyrkja. For å koma inn i kyrkja med rullestol ønskjer kyrkja å utvida vegen fram til nordre dør i koret, slik at det vert råd å koma fram med bil. Rullestolbrukar kan då koma seg inn i kyrkja via sideinngangen. Dette vert eit spleiselag med Kyrkjeringen. Denne saka har me plassert i 2020 ut frå kapasitetsomsyn.

3.4.5 Gebyr og brukarbetalingar 2019

Det vert ikkje lagt opp til auke i brukarbetalinga for vatn, avløp, slam, feiing og byggjesaksgebyr. Renovasjon får ein auke på 30 kroner pr. abonnent. Der det ikkje er særreine reglar for brukarbetaling legg me opp til å følgja konsumprisindeksen. Me viser elles til eiga sak om gebyr og brukarbetalingar 2019.

4. VISJON OG MÅL

Frå kommuneplanen:

Langsiktig visjon

«Fedje skal vera landsbyen i havet – eit levande samfunn som tilbyr rom for utvikling og nyskaping i næringslivet, særleg retta mot maritim sektor og turisme, eit godt og trygt bu- og oppvekstmiljø, eit rikt kultur- og lagsliv og unike friluftsopplevingar.»

Overordna mål 2012 -2024

«For fedjesamfunnet er det altoverskuggande målet folkevekst. Fedje kommune skal organiserast slik at det byggjer opp under trivsel, tryggleik og livskvalitet for alle. Fedje kommune skal i planperioden (2012-2024) arbeida for å auka folketalet med minimum 10%, slik at folketalet på Fedje i 2024 er over 640.»

4.1 OVERORDNA MÅL FOR PERIODEN 2019 - 2022

Det var eit ambisiøst mål kommunestyret sette for auke i folketalet fram til 2024. Like fullt står det fast at det altoverskuggande målet for fedjesamfunnet er folkevekst. Samstundes må kommunen ha gode moderne tenester, og dra nytte av dei smådriftsfordelane det er å bu i ein tett og oversikleg landsby. Til sist – me må få andre styresmakter til å erkjenne at stabil og god ferjedrift er sjølve livsnerven for samfunnet vårt.

- Auke i folketalet
- Betra levekåra for innbyggjarane våre
- Sikra god ferjedrift med minst same talet på avgangar som i 2018

4.2 TENESTEMÅL OG STYRINGSMÅL

Tenestemåla som vert lagt fram her, er formulert av den einskilde tenesteleiar for sitt ansvarsområde.

4.2.1 Kvalitet og helse

Tenestemål 2019

- Sikra at kontinuerleg bruk av avvikssystemet vert eit nyttig leiarverktøy for kontinuerleg forbetring
- Sikra at helse- og omsorgstenestene er i samsvar med forventningane til overordna styresmakter og innbyggjarane våre
- Alle einingane våre innan helse og omsorg har implementert forskrift om leiging og kvalitetsforbetring

Tenestemål 2019 - 2022

- Helse og omsorg i Fedje kommune er i samsvar med krav og forventningar frå styresmaktene og brukarane

- Helse og omsorg i Fedje kommune tilbyr tenester som er tenlege, trygge, samordna og prega av kvalitet

4.2.2 Folkehelse og førebygging

Folkehelsa er summen av alle einskildpersonar si helse, og måten helsa fordeler seg i befolkninga. Folkehelsearbeid handlar om å kartleggja helsa i ei folkegruppe, finna dei faktorane som verkar inn på folkehelsa og fremja tiltak for påverka desse faktorane. Dette må skje innanfor ramma til den fridomen vi har som einskildindivid. Folkehelselova slår fast at dette er ei oppgåve for alle etatane i kommunen. § 28 slår fast at kommunen, gjennom kommunelegen, skal sikra seg nausynt samfunnsmedisinsk kompetanse til folkehelsearbeidet. Det viktigaste i tida framover kan vera å systematisera og synleggjera folkehelsearbeidet.



Tenestemål for 2019

(Desse tenestemåla er henta ut frå einingane sine mål, og illustrerer at folkehelseperspektivet er tydeleg iden kommunale verksemda.)

- Auke i folketalet
- Betra levekår for innbyggjarane
- Sikra god ferjedrift
- Unngåulukker og uønska hendingar
- Førebyggjande tiltak på arbeidsplassen
- Leggja til rette for nye arbeidsplassar
- Biblioteket som open møteplass
- Førebyggja mobbing
- Trygt læringsmiljø
- Aktivitet, fellesskap og trivnad også for dei som bur på sjukeheimen
- Sikra retten til arbeid
- Brukarmedverknad
- Reint drikkevatn og bassengvatn

Tenestemål for 2019 til 2022

- Folkevekst
- Byggja opp under trivsel, tryggleik og livskvalitet
- Trygge helsetenester

- Ha system for krisehandtering
- Å gjera oss stolt av eigen arbeidsplass
- Leggja til rette for ny aktivitet
- Kulturlivet er limet i samfunnet
- Utvikla eit godt arbeidsmiljø i skulen
- Brukarvenlege tenester i pleie og omsorg
- Verta integrert
- Styrkja folkehelsearbeidet
- Fremja psykisk og fysisk helse
- Førebyggjande arbeid mellom barn og unge
- Trygge oppvekstvilkår
- Avdekka omsorgssvikt

4.2.3 Samfunnstryggleik og beredskap

Fedje kommune skal vera ein trygg kommune å leva og bu i. Det er forventa at kommunen driv målretta og førebyggjande arbeid for å unngå ulukke og uønska hendingar, og har ein kommunal beredskap som er førebudd på å møte uføresette situasjonar som kan oppstå. I kritiske situasjonar er det viktig at kommunen i samarbeid med andre beredskapsaktørar sikrar innbyggjarane og tek i vare informasjonsbehovet. Kommunen sin ROS-analyse er eit godt hjelpemiddel for å sikra at det er dei mest kritiske og relevante situasjonane me øver på og førebur oss på.

Tenestemål 2019 - 2022

- Gjennomføra kompetansehevande tiltak og øvingar for kriseleiinga
- Ha gode og oppdaterte system og rutinar for øving og krisehandtering

4.2.4 Personalpolitikk

Det er behov for oppfrisking og oppdatering av rutiner og prosedyrar på personalområdet. I tillegg er det kontinuerleg behov for å opparbeida, oppretthalda og rekruttera den kompetansen tenestene treng for å betra kvaliteten.

Tenestemål 2019

- Prosedyrer og ansvar på personalområdet skal vera godt kjendt for alle einingar. Det gjeld: rekruttering, permisjon, sjukefråværsoppfølging, førebyggjande tiltak, arbeidsmiljø/bedriftshelseteneste
- Det skal vera eit godt og føreseieleg samarbeid med tillitsvalde på alle nivå
- Personalleiinga skal bidra til ro og tillitsbygging i organisasjonen gjennom å vera kompetansesentral på personal, og ha nokre felles opplæringstiltak for heile kommunen

Tenestemål 2019-2022

- Fedje kommune skal vere ein god og føreseieleg arbeidsgjevar
- Fedje kommune har fire mål i personalpolitikken: Kompetanse, å gjera oss stolte av eigen arbeidsplass, heilskapleg tenking og samhald. Konkretisering av mål og tiltak finst i personalplanen.
- Rullering av personalplanen skal vera ferdig til 2020

4.2.5 Administrasjon og stab

Med Administrasjon og stab reknar me Rådmannen og hans leiargruppe, Fellestenester og økonomifunksjonane.

Tenestemål 2019

- Byggja ein organisasjon med kultur for samhandling som sikrar at dei administrative oppgåvene vert utført, at det skjer prega av kvalitet, og at politikarar og innbyggjarar kan vera trygge på at jobben vert gjort slik ressursane våre skulle tilseia.
- Gå vidare med arbeidet om å leggja til rette for nye arbeidsplassar. Byggja vidare på det som alt er i gang rundt reiseliv og sentrumsutvikling.
- Invitera kommunestyret og einingsleiarar til å vera tidleg med i prosessen med 'Budsjett 2020' – heildagsmøte med budsjett utan tal før sommaren.

Tenestemål 2019 – 2022

- Gje kommunestyret tenlege tilbakemeldingar på status i arbeidet med å nå måla som er sett opp for tenesta.
- Styrkja rolla som tilretteleggjar for ny aktivitet og fleire arbeidsplassar.
- Styrkja kvaliteten på tenestene

4.2.6 Kultur

Biblioteket er i jamn bruk og har oppgradert barnekroken. Kulturskulen hadde 65 elevar fordelt på musikk, scene og bildande kunst i 2017.* Fedje har ingen i administrasjonen som har ansvar for kulturfeltet pr i dag. Fedje fleirbrukshall er mykje brukt, og vert styrt av hallstyret.

*Tala for 2018 er ikkje klare enno. 1 elev som er med på 2 tilbod = 2 elevar.



Tenestemål 2019

- Halda fram med å ha tilbod både innan musikk, scene og kunst i Fedje kulturskule
- Vidareutvikla biblioteket som ein open møteplass for debatt
- Få ei politisk avklaring om kva kommunen skal levera på kulturfeltet

Tenestemål 2019-2022:

- Halda fram med å ha tilbod både innan musikk, scene og kunst i Fedje kulturskule
- Vurdera ny plassering for biblioteket
- Kulturlivet er limet i Fedjesamfunnet. Finna måtar kommunen kan bidra til at me går frå lim til superlim.

4.2.7 Barnehagen

Barnehagen har to avdelingar med born i alderen 1 – 5 år. Gruppene er delt delar av dagen og begge avdelingane har kvar sin pedagogiske leiar. Våren 2019 kjem barnehagen til å ha 20 born til saman.

Barnehagen på Fedje har ikkje faste opptakstider, men har opptak året rundt. Dette betyr at born kan starta i barnehagen når som helst, og me er derfor avhengig av å alltid ha «det lille ekstra» av bemanning. Barnehagen er også heilårsopen og har berre stengt på heilagdaggar og planleggingsdaggar.

Barnehagen si bemanning er stabil, men er avhengig av å halda på pedagogane for å dekke ny pedagognorm. Styrar er ny i barnehagen og har fokus på oppgradering av blant anna system, kontrollar, godkjenningar, planar, rettleiing, kompetanseheving og å oppretta godt samarbeid med nabokommunane sine barnehagar.



Tenestemål 2019:

- Personalet skal få ei kompetanseheving innan pedagogiske verkemiddel ein kan nytta ved relasjonsbygging, problemløysing, førebyggja mobbing og kartlegging i barnehagen.
- Barnehagen skal oppgradera møblement og leikar.
- Barnehagen skal få på plass pedagogiske materiale som samsvarar med den nye rammeplanen.

Tenestemål 2019 – 2022:

- Halda fram med den gode kompetansehevinga i personalet, med ekstra fokus på den pedagogiske leiinga.
- Fortsetja oppgraderinga av inventaret i barnehagen.
- Utarbeida ein verksemdsplan/langtidsplan for barnehagens mål og innhald.

4.2.8 Grunnskulen og vaksenopplæring

Skulen har 2 program for å auka elevane sin sosiale kompetanse, 5 tilsette tek vidareutdanning, auke i gitt spesialundervisning, auka oppgradering/investeringar på digitalt utstyr/nett. Det er innført 60 minutt fysisk aktivitet kvar dag for elevane.

Tenestemål 2019:

- Fagleg: Auke djupnelæring hjå elevane, fokus på motivasjon og medansvar.
- Sosialt: Trygt og godt læringsmiljø med fokus på fellesskap og samarbeid.
- Organisasjonen: Utvikling av tilsette gjennom vidareutdanning og kompetanseheving i fellesskap.

Tenestemål for 2019-2022:

- Arbeidsmiljø: Vera ein skule som sikrar kontinuerleg utvikling av sine tilsette, som myndiggjer dei og synleggjer verdien av den einskilde sitt arbeid, dette vil utvikla eit godt arbeidsmiljø og skapa gode resultat over tid.



4.2.9 Pleie og omsorg

Tenestemål 2019

- Innan 2019 er forskrift om leiing & kvalitetsforbetring implementert

- Aktivitet, fellesskap og trivsel er ein del av kvardagen
- Utbygging av trådløst internett og oppgradering av fagsystem Profil

Tenestemål 2019-2022:

- Innan 2022 er det oppbygd systematisk frivilligarbeid
- Stabil personalgruppe med god kompetanse og kunnskapsbasert praksis
- Tenestetilboda er synlege, brukarvenlege og tilpassa den enkelte sine behov

4.2.10 NAV

Formålet med tenesta er «å fremja økonomisk og sosial tryggleik». Det inneber retten til arbeid som rettesnor for all hjelp og bistand.

Tenestemål 2019 - 2022

- Oppfylla intensjonane i lovverket
- Sikra sysselsetjing for brukarane
- Gje brukarane hjelp til rett tid

4.2.11 Flyktingetenesta

Fedje kommune har sidan 2015 busett nærare 20 flyktingar. Integreringstilskotet skal gje kommunen ei rimeleg dekning av meirutgifter til busettjing og integrering av flyktingar. Mest truleg vil Fedje kommune ikkje få nye flyktingar dei neste åra. Me vil få integreringstilskot ut 2019 for dei som vart busett i 2015, og ut 2020 for dei som vart busett i 2016 .

Tenestemål 2019

- Hjelpa born og vaksne til å verta integrert
- Kartleggja kven som kan ha krav på utviding av introduksjonsordninga
- Kartleggja kven som har rett til deltaking i andre ordningar, der målet er å koma raskast mogleg i jobb.
- Alle vaksne skal bestå prøve i norsk og samfunnsfag. Det er naudsynt i dag om dei ynskjer permanent opphald i Noreg.



4.2.12 Legetenesta

Fedje har hatt stabile legetenester i 35 år - spesialist i allmenntidmedisin, sjømannslege, petroleumlege. Vikarlege kvar sommar. Lite sjukefråvær. Samarbeid med Nordhordland legevakt om vaktordning. Deltak i interkommunale samarbeidsorgan. Vakt på Fedje om lag 300 døgn kvart år.

Tenestemål 2019:

- Utviding og utvikling av legetida ved Fedje sjukeheim.
- Halda fram med mest mogleg legeberedskap på Fedje.
- Vurdera og drøfta framtidige løysningar av legetenestene på Fedje.

Tenestemål 2019 - 2022

- To nye legar som deler på legetenestene på Fedje. Fastlønna. Kommunalt legekontor.
- All legevakt og ØHD-seng lagt til Fedje.
- Utvikla tverrfaglig arbeid og styrkja folkehelsearbeidet.

4.2.13 Helsesøster

Helsestasjon- og skulehelsetenesta har som formål å fremja fysisk, psykisk og sosial helse, og førebyggja sjukdom.

Tenestemål 2019 – 2022

- Halda fagleg oppdatering og gje helseteneste etter ålmeint aksepterte mål
- Fremja psykisk og fysisk helse, og arbeida for best mogeleg sosiale og miljømessige tilhøve

4.2.14 Jordmor

Tenestemål 2019 – 2022

- Ta i mot gravide til svangerskapskontroll og førebu eventuelt paret på fødsel og tida etter fødselen
- Gje informasjon om svangerskap, fødsel, smertelindring, kosthald, livsstil og foreldrerolla
- Gje fødselsførebuande kurs

4.2.15 Psykolog

Tenestemål 2019 – 2022

- Kommunepsykologtenesta skal vera eit lågterskeltilbod prega av relasjonsarbeid og kontinuitet
- I samarbeid med andre faggrupper, ha oppfølging av brukarar, også kronisk sjuke. Tenesta omfattar òg rusmiddelavhengige, som ledd i behandling ved meir akutte tilfelle.
- Driva førebyggjande arbeid der barn og unge har prioritet

4.2.16 Barnevern

Tenestemål 2019 – 2022

- Sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada helsa og utviklinga deira, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid
- Særleg ansvar for å avdekka omsorgssvikt, adferds- og emosjonelle problem

- Saman med andre hjelpetenester i kommunen, bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår gjennom generelt førebyggjande arbeid.

4.2.17 PPT

Tenestemål 2019 – 2022

- Sikra born, ungdom og elevar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet
- Gje ei sakkunnig vurdering om barnet treng spesialpedagogisk hjelp og foreslå eit tilbod for barnet, foreldra eller barnehagen
- PPT skal arbeida på systemnivå for å auka barnehagar og skular sin kompetanse, slik at dei i best mogeleg grad kan gje born og unge tidleg og rett hjelp

4.2.18 Psykisk helse

Tenestemål 2019

- Implementert forskrift om leing og kvalitetsforbetring
- Auka brukarmedverknad
- Godt kjendt for alle

Tenestemål 2019 – 2022

- Hjartebanken er eit aktivitetshus – ein møteplass for alle

4.2.19 Fysioterapitenesta

Tenestemål 2019-2022

- Tenesta skal ha helsefremmande og førebyggjande tiltak som Fallførebyggjande gruppe, Bassengtrim, Småbarnstrim og Turgruppe
- Auka aktivitet på Motitech-sykel òg utanom bebuarar på Sjukeheimen
- Synleggjera kompetanse og tilbod i fysioterapitenesta
- Få eit velorganisert lokalt hjelpemiddellager
- Vidareutvikla arbeid i koordinerande eining
- Ha eit godt fungerande samarbeid med dei andre tenesteytarane innan helse og omsorg

Frå 2020 er det lovpålagt at Fedje kommune òg skal ha ergoterapeut.

4.2.20 Tekniske tenester

Teknisk omfattar 25 tenesteområde. I tillegg kjem dei kommunale bygga som omfattar 16 tenesteområde. Til tider er arbeidsoppgåvene for mange. Resultatet vert at nokre av dei vedtekne investeringsoppgåvene ikkje vert gjennomførte når dei skal.

Tenestemål 2019

- Kommunen leverer prøver av bassengvatn og drikkevatt kvar månad. Alle prøver skal stetta



drikkevassforskrifta og bassengforskrifta.

- Klage på klippinga av plenar ved gravplass og kyrkje har vore ein gjengangar i fleire år, men ikkje i 2018. Eit mål må vera at det ikkje kjem mange klager i 2019.
- For barnehage, skule og sjukeheim har det vore vanleg at teknisk sjef og leiinga ved dei ulike bygga, år om anna har halde ei felles synfaring der ein har sett på vedlikehald av bygga innvendig. Felles synfaring i alle bygg er eit mål for 2019.

4.2.21 Samarbeidspartnarar

- Kyrkja
- Austrheim kommune
-tenestekjøp og samarbeid
- Nordhordland Utviklingsselskap IKS
- Regionrådet Nordhordland – det strategiske organet som legg føringar for aktiviteten i NUI IKS, Med i rådet er dei 9 ordførarane i Gulen og dei 8 nordhordlandkommunane
- IKT Nordhordland er eit interkommunalt IKT-samarbeid for Vaksdal, Modalen, Lindås, Austrheim, Radøy, Fedje, Meland og Osterøy, med Osterøy som vertskommune.



HOVEDOVERSIKTER DRIFT	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Driftsinntekter						
Brukerbetalinger	2 801 777,89	2 518	2 587	2 665	2 745	2 827
Andre salgs- og leieinntekter	5 941 156,83	6 163	6 233	6 420	6 613	6 811
Overføringer med krav til motytelse	6 657 397,10	4 097	6 011	6 191	6 377	6 568
Rammetilskudd	41 878 372,51	40 607	41 484	42 729	44 010	45 331
Andre statlige overføringer	6 486 221,62	3 701	2 667	2 747	2 829	2 914
Andre overføringer	752 034,00	80	368	379	390	402
Skatt på inntekt og formue	13 627 142,00	16 699	16 265	16 753	17 256	17 773
Eiendomsskatt	2 110 828,00	2 111	2 111	2 111	2 111	2 111
Sum driftsinntekter	80 254 929,95	75 976	77 726	79 994	82 331	84 738
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	44 441 111,69	43 391	43 376	44 677	46 018	47 398
Sosiale utgifter	10 175 583,81	10 424	11 026	11 357	11 697	12 048
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	15 098 443,35	13 610	14 725	15 167	15 622	16 090
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	6 810 660,33	5 898	6 127	6 311	6 500	6 695
Overføringer	4 256 283,07	3 536	3 845	3 960	4 079	4 202
Avskrivninger	3 543 474,00	3 423	3 434	3 537	3 643	3 752
Fordelte utgifter	-3 248 723,90	-3 279	-3 608	-3 716	-3 828	-3 943
Sum driftsutgifter	81 076 832,35	77 003	78 925	81 293	83 732	86 243
Brutto driftsresultat	-821 902,40	-1 027	-1 199	-1 298	-1 401	-1 506
Finansinntekter						
Renteinntekter og utbytte	1 367 869,66	890	1 120	1 120	1 120	1 120
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	0,00	0	0	0	0	0
Sum eksterne finansinntekter	1 367 869,66	890	1 120	1 120	1 120	1 120
Finansutgifter						
Renteutgifter og låneomkostninger	564 308,65	761	680	700	700	700
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	1 227 667,72	1 500	1 440	1 483	1 483	1 483
Utlån	50 000,00	0	0	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter	1 841 976,37	2 261	2 120	2 184	2 184	2 184
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-474 106,71	-1 371	-1 000	-1 064	-1 064	-1 064
Motpost avskrivninger	3 543 474,00	3 423	3 434	3 537	3 643	3 752
Netto driftsresultat	2 247 464,89	1 025	1 235	1 175	1 179	1 183
Driftsresultat %	2,80 %	1,35 %	1,59 %	1,47 %	1,43 %	1,40 %
Interne finanstransaksjoner						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	4 429 490,46	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	250 690,94	0	0	0	0	0
Bruk av bundne fond	69 125,00	0	7	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	4 749 306,40	0	7	0	0	0
Overført til investeringsregnskapet	2 032 244,83	1 010	1 196	1 129	1 133	1 137
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	4 576 449,46	0	0	0	0	0
Avsatt til bundne fond	388 077,00	15	46	46	46	46
Sum avsetninger	6 996 771,29	1 025	1 242	1 175	1 179	1 183
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	0,00	0	0	0	0	0

HOVEDOVERSIKTER INVESTERING	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Inntekter						
Salg av driftsmidler og fast eiendom	716 200,00	0	600	618	900	900
Andre salgsinntekter	0,00	0	0	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse	800 000,00	53	0	0	0	0
Kompensasjon for merverdiavgift	737 430,17	1708	426	167	345	345
Statlige overføringer	0,00	0	0	0	0	0
Andre overføringer	0,00	100	0	0	0	0
Renteinntekter og utbytte	0,00	0	0	0	0	0
Sum inntekter	2 253 630,17	1861	1026	785	1 245	1 245
Utgifter						
Lønnsutgifter	0,00	0	0	0	0	0
Sosiale utgifter	0,00	0	0	0	0	0
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	3 661 933,59	7225	2638	2 125	1 955	1 955
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	0,00	0	0	0	0	0
Overføringer	737 430,17	1708	426	375	345	345
Renteutgifter og omkostninger	0,00	0	0	0	0	0
Fordelte utgifter	0,00	0	0	0	0	0
Sum utgifter	4 399 363,76	8933	3064	2 500	2 300	2 300
Finansstransaksjoner						
Avdrag på lån	361 261,00	450	305	305	305	305
Utlån	0,00	0	0	0	0	0
Kjøp av aksjer og andeler	236 502,00	240	220	250	250	250
Dekning av tidligere års udekket	0,00	0	0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	0,00	0	0	0	0	0
Avsatt til bundne investeringsfond	0,00	0	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjoner	597 763,00	690	525	555	555	555
Finansieringsbehov	2 743 496,59	7762	2563	2 270	1 610	1 610
Dekket slik:						
Bruk av lån	0,00	4000	0	0	0	0
Salg av aksjer og andeler	0,00	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	167 659,03	350	160	170	170	170
Overført fra driftsregnskapet	2 032 244,83	1010	1196	1 129	1 133	1 137
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	443 592,73	0	1207	971	307	303
Bruk av bundne driftsfond	100 000,00	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	0,00	2402	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0,00	0	0	0	0	0
Sum finansiering	2 743 496,59	7762	2563	2 270	1 610	1 610
Udekket/udisponert	0,00	0	0	0	0	0

<i>Budsjettskjema 1A - drift</i>	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Skatt på inntekt og formue	13 627 142,00	16 699	16 265	16 753	17 256	17 773
Ordinært rammetilskudd	41 878 372,51	40 607	41 484	42 729	44 010	45 331
Skatt på eiendom	2 110 828,00	2 111	2 111	2 111	2 111	2 111
Andre direkte eller indirekte skatter	0,00	0	0	0	0	0
Andre generelle statstilskudd	4 497 750,00	2 851	1 677	1 721	1 775	1 829
Sum frie disponible inntekter	62 114 092,51	62 268	61 537	63 314	65 151	67 044
Renteinntekter og utbytte	1 367 705,66	890	1 120	1 120	1 120	1 120
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0	0	0	0	0
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	564 306,65	761	680	700	700	700
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	1 227 667,72	1 500	1 440	1 483	1 483	1 483
Netto finansinnt./utg.	-424 268,71	-1 371	-1 000	-1 064	-1 064	-1 064
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0,00			0	0	0
Til ubundne avsetninger	4 429 649,46	0	0	0	0	0
Til bundne avsetninger	199 005,00	0	0	0	0	0
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	4 429 490,46	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	0,00	0	0	0	0	0
Bruk av bundne avsetninger	0,00	0	0	0	0	0
Netto avsetninger	-199 164,00	0	0	0	0	0
Overført til investeringsbudsjettet	2 032 244,83	1 010	1 196	1 129	1 133	1 137
Til fordeling drift	59 458 414,97	59 887	59 341	61 121	62 955	64 844
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	59 458 412,97	59 887	59 341	61 121	62 955	64 844
Mer/mindreforbruk	2,00	0	0	0	0	0

<i>Budsjettskjema 1B - drift</i>	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1000 Rådmann	8 728 369,57	7 323	11 229	11 566	11 913	12 270
1100 Kulturtenester	614 110,88	1 143	1 957	2 016	2 076	2 138
1200 Bibliotek	696 063,77	825	0	0		
1300 IT-konsulent	1 016 611,35	520	0	0		
1400 Tiltak	1 032 758,22	1 628	0	0		
1500 Miljøvernleiar	300,00	0	0	0		
2000 Helsetenester	1 552 911,09	1 382	3 254	3 352	3 452	3 556
2100 Fedje skule	12 071 127,60	13 376	12 401	12 773	13 156	13 551
2200 Fedje barnehage	4 469 246,67	4 154	3 613	3 721	3 833	3 948
2300 Pleie og omsorg	16 901 899,02	17 632	17 066	17 578	18 105	18 648
2400 Helsesøster	1 311 048,99	1 546	0	0	0	0
2500 Legetenester	3 977 109,50	4 059	4 615	4 753	4 896	5 043
2600 Sosialtenester	2 387 565,45	2 738	1 926	1 984	2 043	2 105
3000 Teknisk kontor	8 242 764,86	6 984	2 546	2 622	2 701	2 782
3100 Kommunale bygg og anlegg	0,00	0	4 168	4 293	4 422	4 554
3500 Avskrivningar	-3 543 474,00	-3 423	-3 434	-3 537	-3 643	-3 752
		0	0			
TOTALT	59 458 412,97	59 887	59 341	61 121	62 955	64 844

<i>Budsjettskjema 2A - investering</i>	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Investeringer i anleggsmidler	4 399 363,76	8 933	3 064	2 500	2 300	2 300
Utlån og forskutteringer	0,00	0	0	0	0	0
Kjøp av aksjer og andeler	236 502,00	240	220	250	250	250
Avdrag på lån	361 261,00	450	305	305	305	305
Dekning av tidligere års udekket	0,00	0	0	0	0	0
Avsetninger	0,00	0	0	0	0	0
Årets finansieringsbehov	4 997 126,76	9 623	3 589	3 055	2 855	2 855
Finansiert slik:						
Bruk av lånemidler	0,00	4 000	0	0	0	0
Inntekter fra salg av anleggsmidler	716 200,00	0	600	618	900	900
Tilskudd til investeringer	0,00	100	0	0	0	0
Kompensasjon for merverdiavgift	737 430,17	1 708	426	167	345	345
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	967 659,03	403	160	170	170	170
Andre inntekter	0,00	0	0	0	0	0
Sum ekstern finansiering	2 421 289,20	6 211	1 186	955	1 415	1 415
Overført fra driftsbudsjettet	2 032 244,83	1 010	1 196	1 129	1 133	1 137
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0	0	0	0	0
Bruk av avsetninger	543 592,73	2 402	1 207	971	307	303
Sum finansiering	4 997 126,76	9 623	3 589	3 055	2 855	2 855
Udekket/udisponert	0	0	0	0	0	0

<i>Budsjettskjema 2B - investering</i>	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1203 FELLESTENESTER	343 768,23	250	563	375	375	375
1300 Administrasjonslokaler	326 191,00	0	0	0	0	0
2210 Barnehagelokaler	955 313,32	0	0	0	0	0
2220 SKULELOKALE	1 578 041,13	688	188	0	0	0
2541 Heimesjukepleie	175 000,00	0	0	0	0	0
2610 INSTITUSJONSLOKALE	190 220,13	5 344	625	0	0	0
2650 KOMMUNALE OMSORGSBUSTADER	0,00	438	0	0	0	0
2651 KOMMUNALT DISPONERTE BUSTADER	0,00	0	438	0	0	0
3150 Bustadbygging/bumiljøtiltak, salg av tomter	546 680,00	0	0	0	0	0
3320 KOMMUNALE VEGAR	0,00	250	250	0	0	0
3350 REKREASJON I TTESTAD		0	0	500	0	0
3390 BEREDSKAP MOT BRANN OG ANDRE ULYKKER	0,00	938	0	0	0	0
3530 AVLØPSNETT/INNSAMLING AV AVLØPSVATN	0,00	400	500	0	0	0
3600 NATURFORVALTNING OG FRILUFTSLIV	0,00	375	0	0	0	0
3701 Bibliotekbygg	230 093,70	0	0	0	0	0
3812 Fleirbrukshall	54 056,25	0	0	0	0	0
3900 DEN NORSKE KYRKJA	0,00	0	250	250	0	0
3930 GRAVPLASSAR OG KREMATORIE	0,00	250	250	0	0	0
T O T A L T	4 399 363,76	8 933	3 064	2 500	2 300	2 300



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE - 440	18/508

Saksnr	Utval	Type	Dato
013/18	Arbeidsmiljøutvalet	PS	14.11.2018

Gjennomgang av avviksmeldingar perioden 150418-081118 Halvårig gjennomgang i arbeidsmiljøutvalet

Vedlegg:

Periodisk oversikt avviksmeldingar til AMU

AVVIKSMELDING FOR FEDJE KOMMUNE

Rutine for avviksregistrering og registrering av arbeidsulykke

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Avvik er uønska hendingar. Fedje kommune har ei rutine for avviksregistrering vedteke 18.11.2011 og revidert i 2016. Som ein del av oppfølginga skal AMU handsame innsamla statistikk over avviksmeldingar i Fedje kommune. Arbeidsmiljøutvalet kan be om å få meir informasjon og handsame enkeltavvik.

I tråd med rutina skal avvika rapporterast til AMU på risikotal som gjeld tilsette/arbeidsmiljø (i motsetning til det som gjeld brukarar/teneste. Det finst det pr i dag ingen oversikt over, sidan det er svært variabelt om meldarane vurderer konsekvens og sannsynlegheit i si melding.

Sjå vedlagte oversikt over avviksmeldingar i perioden.

Vurdering

Det er svært ulikt kor aktivt einingane nyttar avviksmeldingar, og om dei systematisk vert lagt inn i websak og svart på skriftleg. Rådgjevar kvalitet og helse jobbar nett no med ein gjennomgang på korleis me kan forbetre bruken av avviksmeldingar i heile organisasjonen.

Pleie og omsorg er dei som leverer og handsamer klart flest avviksmeldingar. Dei aller fleste går på brukarar/tenestene, og vert nytta til kvalitetsforbetring av tenestene. Dei er også flinke til å dokumentere svar på avvik/lukking av avvik.

Konklusjon

Pleie og omsorg er gode til å nytte noverande avvikssystem både til å forbetre tenestene og arbeidsmiljøet. Rådmannen går no gjennom avvikssystemet for å forbetre rutiane og bruk av rutiane i organisasjonen som heilskap.

Forslag til vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet tek oversikt over avviksmeldingar april til november 2018 til orientering.



Fedje kommune



Notat

Til: Nils Moldøyen

Kopi til:

Saksbehandler: Rådmannskontoret/Dagrun Gunnarson

Vår referanse: 18/508 - 2 / FE - 440

Dato: 09.11.2018

Emne: Periodisk oversikt avviksmeldingar til AMU

I perioden ca 15.04.18 – 08.11.18 er det meldt følgjande avvik i Fedje kommune:

Eining	Tal på avviksmeldingar i perioden	Type avvik	Lukka?
Legeteneste	1	Brukarar/teneste: Legevakt	
Barnehage	1	Brukarar/teneste og tilsette/arbeidsmiljø: Manglande reinhald	
Kommunehus	3 1 1	Brukarar/teneste: Svikt datasystem Brukarar/teneste: Feil informasjonsinnhenting Brukarar/teneste: Feil gradering	X
Pleie og omsorg	12 14 7 22 1 3 2 7 6 1 2 1 Totalt: 77	Brukarar/teneste: Fall Brukarar/teneste: Rutinesvikt Brukarar/teneste: Utagerande åtferd Brukarar/teneste: Feilmedisinering Arbeidsmiljø/tilsette: Bemanning* Brukarar/teneste: Brukarar/teneste: Brukarar/teneste: Reinhald Arbeidsmiljø/tilsette: HMT* Brukarar/teneste: Dokumentasjonsfeil Brukarar/teneste: Fare for brann Brukarar/teneste: Dårlig helsehjelp Arbeidsmiljø/tilsette og Brukarar/teneste: Rømning*	Alle avvik svart på og lukka, utanom dei aller nyaste.
Skule	0		
Psykisk helse	0		
Teknisk etat	0	Teknisk etat har eige system for avvik på vassverket, som berre gjeld brukarar/teneste. Dei avvika har eg ikkje oversikt over, sidan dei ikkje ligg i websak.	

*Av dei 9 avvika som gjeld tilsette/arbeidsmiljø pleie og omsorg gjeld 4 for lite folk på jobb (alle avvika lukka). Dei andre gjeld ulike mindre ting som vondt i øyret pga. høglytte pasientar, røykepause, ansvar for oppfølging bil mm.

Dei fleste avvika er lukka. Når det ikkje er kryssa av for at avviket er lukka, er det fordi einingsleiarane ikkje har dokumentert i Websak at avvika er lukka.

AVVIKSMELDING FOR FEDJE KOMMUNE:

Dato		Stad:		
Meldar:		Evt. andre som var til stades:		
Type avvik: (sett ring rundt)	Skade på menneske	Skade på miljø	Skade på materiell/ting	Anna
Gjeld hendinga tilsette eller brukarar av tenesta? (sett ring rundt)		Tilsette/arbeidsmiljø	Brukarar/teneste	

Kva har skjedd?**Kvifor skjedde det?****Kva har eg/vi gjort for å løyse problemet?****Naudsynt med tiltak på lengre sikt?**

Type tiltak	Kryss av
1. Opplæring av medarbeidarar	
2. Innføring av ny måte å gjere oppgåver på	
3. Mindre innkjøp	
4. Større innkjøp	
5. Anna	

For å lære av feil: Saka vert teke opp i AMU Saka vert teke opp i personalmøte
 Anna, beskriv:

Signert av:	Meldar/dato:	Verneombod/dato	Leiar/dato:
--------------------	--------------	-----------------	-------------

Lever skjema til nærmaste leiar, kopi i HMT-perm.

Klassifisering av hendinga*:

Konsekvens av hendinga		Kryss av
1	Ikkje farleg	
2	Farleg	
3	Kritisk	

Kor sannsynleg at vil skje igjen?		Kryss av
1	Lite sannsynleg	
2	Sannsynleg	
3	Svært sannsynleg	

* Sjå forklaring på dei ulike kategoriane i "Rutine for avviksmelding" i HMT-permen.

Rutine for avviksregistrering og registrering av arbeidsulykke

28.03.2011, revidert 26.08.16

Avvik er uønska hendingar som me skal hindre at skjer igjen. Det er forhold innanfor Fedje kommune som er i strid med krav i lov eller forskrift, eller det som det er naudsynt å gjere noko med for arbeidsmiljøet sin del. **Kvar arbeidstakar må sjølv vurdere kva som skal meldast som avvik, men Fedje kommune ønskjer ein lav terskel for melding av avvik – berre slik kan vi forbetre oss!**

Målet med avviksmeldingar er at fleire enn dei som har opplevd hendinga skal lære noko av det, og at me får endra dei rutinane eller materiellet som trengs for at det ikkje skal skje igjen. Døme kan vere personskader, brot på teieplikt, vold- og truslar osb.

Det gjeld ikkje den type avvik som skal fangast opp av vernerundar.

RUTINE FOR AVVIKSMELDING:

1. Problemet oppstår og vert forsøkt løyst.
2. Medarbeidar skriv avviksmelding. Leverer til nærmaste leiar og legg kopi i HMT-perm. Sett om naudsynt inn tiltak.
3. Nærmaste leiar drøfter avvik med verneombod (om det gjeld tilsette/arbeidsmiljø) eller andre, avhengig av type avvik. Leiar leverer skjema til postmottak for arkivering i Websak (N-notat). Leiar er ansvarleg for evt gradering. Tilbakemelding frå leiar til meldar innan 14 dagar.
4. OM NAUDSYNT: Ved alvorlege avvik eller saker som ikkje kan løysast på arbeidsplassen, skal melding sendast vidare til rådmann og evt. hovudverneombod (om det gjeld tilsette/arbeidsmiljø). Rådmannen drøftar saka etter type avvik. Tilbakemelding frå rådmann til nærmaste leiar innan 14 dagar.
5. Alle leiarar i Fedje kommune melder til sekretær for Arbeidsmiljøutvalet før 1.juni og før 1. desember kvart år om talet på avvik og klassifisering i forhold til risiko, og om avvik er lukka. Sekretær presenterer oversikt for Arbeidsmiljøutvalet to gongar i året basert på risikotal for avvik som gjeld tilsette/arbeidsmiljø. Arbeidsmiljøutvalet har rett til å be om meir informasjon om avvika, om dei treng det.

NB – alle avvik og alle svar/behandling av avvik skal arkiverast i Websak. Sakene skal heite «Avviksmeldingar «årstal» - «eining»».

RUTINE VED PERSONSKADE:

NB! Betre med ei melding for mykje, enn ei for lite!

Mindre personskade	Avviksmelding Skademelding til NAV – kopi til pers.mappe Skademelding til KLP om det kan vere aktuelt med skadeerstatning – kopi til pers.mappe
Alvorleg personskade	Tlf. melding til Arbeidstilsynet tlf 81548222 Varsle politiet tlf 02800 Skriftleg melding til Arbeidstilsynet – kopi til pers.mappe Avviksmelding Skademelding til NAV – kopi til pers.mappe Skademelding til KLP- kopi til pers.mappe

Naudsynte skjema finn ein på: nav.no, arbeidstilsynet.no, klp.no

FORKLARING PÅ KLASSIFISERING AV AVVIK

(som står i avviksmeldingsskjemaet):

Kor sannsynleg er det at dette skjer igjen:

Klassifisering		Forklaring
1	Lite sannsynleg	1 gong pr 100 år eller oftare
2	Sannsynleg	1 g. pr. 10 år eller oftare
3	Svært sannsynleg	1 g pr. år eller oftare

Konsekvens:

Klassifisering		Menneske	Miljø	Materiell
1	Ikkje farleg	Ubetydeleg eller mindre personskade. Førstehjelp eller vurdering av helsepersonell naudsynt. Fråvær 1-14 dagar	Ubetydeleg eller mindre skade på miljø. Skaden vil forsvinne i løpet av eit år.	Ubetydelege eller mindre materielle skadar. Skadar opp til kr 10 000. Kan hemme normal tenesteproduksjon ein kort periode.
2	Farleg	Betydeleg og alvorleg personskade, men utan vesentleg varig mèn. Fråvær meir enn 14 dagar.	Betydeleg skade på miljøet.	Betydelege materielle skadar. Skadar opp til kr 100 000 eller betydelege forseinkingar i tenesteproduksjonen.
3	Kritisk	Skade som kan vere livstruande, medføre varig mèn/invaliditet eller død. Skadar som kan ramme "ikkje-tilsette" på ein alvorleg måte.	Alvorlege og langvarige skadar på miljøet.	Alvorlege materielle skadar. Skadar frå kr 100 000 og oppover eller produksjonsstans.

Aksept av risikotal:

(Sannsynlegheit x konsekvens = risikotal)

1-2	Akseptabel risiko
3-5	Tiltak anbefalast
6-9	Uakseptabel risiko, tiltak må setjast i verk

TENESTEVEG VED AVVIK KNYTT TIL ARBEIDSMILJØ I DET DAGLEGE HMT-ARBEIDET:

1. Problemet vert prøvd løyst med nærmaste leiar

Viss ingen løysing:

2. Arbeidstakar tek kontakt med verneombod. Saka vert prøvd løyst med nærmaste overordna.

Viss ingen løysing:

3. Verneombodet kontaktar hovudverneombod. Hovudverneombod tek opp saka med rådmannen.

Viss ingen løysing:

4. Hovudverneombodet tar saka til Arbeidsmiljøutvalet

Viss ingen løysing:

5. Hovudverneombodet kan ta opp saka med Arbeidstilsynet.